# RETTSBOK

for

SØRE SUNNMØRE HERADSRETT

# Skjønn

ÅMELAVASSDRAGET

Avd. II: Åheim og Stårheim

*Sagt 2. og 3. februar 1977.*

# R E T T S B O K
for
Søre Sunnmøre herredsrett.

År 1976, den 9. august, ble det halde rett i Åheim Misjonshus, Åheim.

Rettens formann: Sorenskrivar Einar Raae, Volda.

Skjønnsmenn oppnemnt av rettsformannen:

1. Fylkesagronom Anders Lothe, Førde.
2. Overingeniør Aage Skåthun, Svelgen.
3. Fiskeriteknikar Ivar Sægrov, Førde.
4. Bonde Nils Helseth, Bjørkedalseidet.

Varamann: Kjøpmann Torbjørn Bøe, Bølandet.

Sak 23/1973B.

Saksøker: L/L Tussa Kraft ved styreformannen, Ørsta.

Prosessfullmektig: H.r.advokat E. Brautaset, Ørsta.

Saksøkt: Rettshavarar i Åheimsområdet i Vanylven kommune i Møre og Romsdal og i Stårheimsområdet i Eid kommune i Sogn og Fjordane som er stemna til skjønn i høve regulering av **Åmela**vassdraget m.v.

Prosessfullmektigar:

Advokat Ingolf Skaare, Oslo, for dei saksøkte 68-70, 72, 75-92, 94-96, 102-104, 105, 108-109, 111-123.

Advokat Bjarte Eikeset, Førde, for dei saksøkte 125, 127, 130-136, 139-143, 146, 151-152, delvis 154 og 155.

Advokat E. Aarseth, Volda, for dei saksøkte 71, 73, 74, 151, 124, 124c og 124d.

Advokat Odd Sefland, Nordfjordeid, for saksøkte Starheim Vassforsyningslag.

Saka gjeld: Vassdragsreguleringsskjønn, regulering av Åmelavassdraget i Dalsfjord m.v.
Avd. II: Åheimsområdet i Vanylven, Møre og Romsdal og Stårheimsområdet i Eid, Sogn og Fjordane.

.......................................

....................................

Etter endeleg drøfting og røysting for stengde dører ble det den 2. og 3. februar 1977 sagt slikt samrøystes.

**S k j ø n n :**

Ved kgl. res. 16. juni 1972 er det fastsett:

" 1. I medhold av lov om vassdragsreguleringer av 14. desember 1917, og lov om konsesjon for vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. av 14. desember 1917, tillates L/L Tussa Kraft å erverve bruksrett til å foreta regulering av Åmelavassdraget m.v. - i det vesentlige i samsvar med framlagte planer og på de vilkår som er inn-tatt i Industridepartementets foredrag av 16. juni 1972.

2. Det fastsettes manøvreringsreglement for Åmelavassdraget m.v. i samsvar med utkast inntatt i samme foredrag som gjeldende inntil videre."

Konsesjonsvilkåra er fylgjande:

1.

" Konsesjonen gis på ubegrenset tid.
Vilkårene for konsesjon kan tas opp til alminnelig revisjon etter 50 år fra denne konsesjons datum. Hvis vilkårene blir revidert, har konsesjonæren adgang til å frasi seg konsesjonen innen 3 måneder etter at han har fått underretning om de reviderte vilkår, jfr. konsesjonslovens § 4, 3. ledd og vassdragsreguleringslovens § 10 post 2, siste ledd.

Konsesjonen kan ikke overdras uten Kongens samtykke.

De utførte reguleringsanlegg eller andeler av disse kan ikke avhendes, pantsettes eller gjøres til gjenstand for arrest eller utlegg uten i forbindelse med vassfall i

samme vassdrag nedenfor anleggene.

Anleggene må ikke nedlegges uten statsmyndighetenes samtykke.

2.

Konsesjonæren skal betale en årlig avgift til statens konsesjonsavgiftsfond av kr. 0,50 pr. nat.hk, beregnet etter den gjennomsnittlige kraftmengde som vassfallet etter den foretatte utbygging og regulering kan frambringe med den påregnelige vassføring år om annet og en årlig avgift til konsesjonsavgiftsfondene i de fylkes-, herreds- og bykommuner som Kongen bestemmer av kr. 4,00 pr. nat.hk, beregnet på samme måte.

Etter 20 år kan fastsettelsen av avgiftene tas opp til ny prøvelse.

Plikten til å erlegge de ovenfor omhandlede avgifter inntrer etter hvert som vasskraften tas i bruk.

Avgiftene har samme pantesikkerhet som skatter på fast eiendom og kan inndrives på samme måte som disse. Etter forfall svares 6 pst. rente,

3.

Nærmere bestemmelser om betalingen av avgifter etter post 2 og kontroll med vassforbruket samt angående avgivelse av kraft, jfr. post 17 skal med bindende virkning for hvert enkelt tilfelle fastsettes av vedkommende departement.

4.

Arbeidet må påbegynnes innen en frist av 2 år etter at konsesjonen er gitt og fullføres innen en ytterligere frist av 5 år.

I fristen medregnes ikke den tid som på grunn av overordentlige tildragelser (vis major) streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

For hver dag noen av disse frister uten tillatelse meddelt av departementet oversittes, erlegger konsesjonæren en løpende mulkt til statskassen av kr. 100.

5.

Konsesjonæren skal ved bygging og drift av anleggene fortrinnsvis anvende norske varer for så vidt disse kan fås like gode, tilstrekkelig hurtig - herunder forutsatt at det er utvist all mulig aktsomhet med hensyn til tiden for bestillingen - samt til en pris som ikke med mer enn 10 pst. overstiger den pris med tillagt toll, hvortil de kan erholdes fra utlandet. Er det adgang til å velge mellom forskjellige innenlandske tilbud, antas det tilbud som representerer det største innen landet fallende arbeid og produserte matrialer, selv om dette tilbud er kostbarere, når bare ovennevnte prisforskjell - 10 pst. - i forhold til utenlandsk vare ikke derved overstiges.

Toll- og pristillegg tilsammen forutsettes dog ikke å skulle overstige 25 pst. av den utenlandske vares pris (eksklusive toll). I tilfelle tvist om dette avgjøres spørsmålet av departementet.

Industridepartementet kan dispensere fra regelen om bruk av norske varer. Søknad om dispensasjon må på forhånd sendes til departementet med de opplysninger som er nødvendige. Hva angår leveranser fra EFTA-land, vil dispensasjonsadgangen bli praktisert i samsvar med de forpliktelser som foreligger i forhold til disse land under forutsetning av full gjensidighet.

For overtredelse av bestemmelsene i nærværende post erlegger konsesjonæren for hver gang etter avgjørelse av vedkommende departement en mulkt av inntil 15 - femten - pst. av verdien. Mulkten tilfaller statskassen.

6.

Forsikring tegnes fortrinnsvis i norske selskaper hvis disse byr like fordelaktige betingelser som utenlandske. Vedkommende departement kan dispensere fra denne bestemmelse.

7.

Konsesjonæren er forpliktet til, når vedkommende departement forlanger det, på den måte og på de vilkår som departementet bestemmer, i anleggstiden helt eller delvis å dekke utgiftene til legehjelp for arbeiderne og funksjonærene ved konsesjonærens anlegg og bedrifter og disses familier, og til oppførelse eller utbygging av sykehus eller sykestue.

Det kan pålegges konsesjonæren, etter vedkommende departements nærmere bestemmelse, helt eller delvis å bære utgiftene til vedkommende kommunes alminnelige forebyggende helsetjeneste og alminnelige sosiale tiltak.

Hvis noen av arbeiderne eller funksjonærene omkommer ved arbeidsu-lykke i anleggstiden, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av vedkommende departement pålegges å sikre eventuelle etterlatte en øyeblikkelig erstatning.

8.

Konsesjonæren er forpliktet til ved reguleringsarbeidets påbegynnelse å sørge for midlertidig forsamlingslokale til bruk for arbeiderne og den øvrige befolkning som er knyttet til anleggene, eller, hvis departementet måtte finne det mere hensiktsmessig, og ikke vesentlig dyrere, å delta i oppføring, utbedring eller nedbetaling av permanent forsamlingslokale, f.eks. samfunnshus.

Konsesjonæren skal stille inntil kr. 10.000 til rådighet til almendannende virksomhet og til geistlig betjening etter Kirkedepartementets nærmere bestemmelse.

9.

Konsesjonæren er i nødvendig utstrekning forpliktet til på rimelige vilkår og uten beregning av noen fortjeneste å skaffe arbeiderne og funksjonærene sunt og tilstrekkelig husrom etter nærmere bestemmelse av vedkommende departement.

10.

Konsesjonæren er forpliktet til å erstatte utgiftene til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgiftene blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvistilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse, ved skjønn på konsesjonærens bekostning. Veger, bruer og kaier som konsesjonæren anlegger, skal kunne benyttes av almenheten med mindre departementet treffer annen bestemmelse. Ved utstikking av anleggsveger skal de sted-lige myndigheter tas med på råd.

Driftsveger og stier plikter konsesjonæren å legge om der de demmes ned. Spørsmålet om hvilke omlegginger som skal utføres avgjøres i tilfelle av tvist av reguleringsskjønnet.

11.

Konsesjonæren plikter å treffe nødvendige tiltak for å søke å avhjelpe de skader og ulemper som reguleringen og overføringene fører med seg for bygdefolkets interesser. Spørsmålet om hvilke tiltak som skal treffes, avgjøres i tilfelle av tvist ved skjønn, som kan fremmes i forbindelse med skjønnet etter vassdragsreguleringslovens § 16.

12.

Etter nærmere bestemmelse fra vedkommende departement - for post 5's vedkommende i samråd med Industridepartementet - eller den dette bemyndiger, plikter konsesjonæren:

1. å bekoste og sette ut yngel og/eller settefisk, herunder også flerårig fisk.
2. å foreta utfiskinger (uttynninger) dersom reguleringen fører til overbefolkning eller en forverring av de naturlige forhold.
3. å anbringe sperregitter foran tappetunnelene.
4. å bekoste inntil kr. 50.000 til bygging av tre fisketrapper i Åheimselva nedenfor Gusdalsvatn.
5. å bekoste bygging av terskler inkludert nødvendig forbygging i Norddalselva.

6. å bekoste fiskeribiologiske undersøkelser innen området, herunder også årlige kontrolltiltak.
7. å bekoste ekstraordinært jakt- og fiskeoppsyn i anleggsperioden.

13.

De neddemte arealer ryddes for trær og busker som er over 1,5 m høye og/eller har over 8 cm stammediameter målt i en høyde av 25 cm over bakken. Gjenstående stubber skal ikke være over 25 cm høye. Høyden regnes vinkelrett mot bakken.

14.

Konsesjonæren plikter før arbeidet påbegynner å forelegge vedkommende departement detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og omkostningsoverslag vedkommende reguleringens og utbyggingen, således at arbeidet ikke kan iverksettes før planene er approbert av departementet. Anlegget skal utføres på en solid måte, og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand. Dets utførelse så vel som dets senere vedlikehold og drift undergis offentlig tilsyn. Utgifter i denne forbindelse betales av anleggets eier.

15.

Vasslippingen skal foregå overensstemmende med et reglement som Kongen på forhånd utferdiger.

Viser det seg at slippingen etter dette reglement medfører skadelige virkninger av omfang for almen interesse, kan Kongen uten erstatning til konsesjonæren, men med plikt for denne til å erstatte mulige skadevirkninger for tredjemann, fastsette de endringer i reglementet som finnes nødvendig.

En norsk statsborger som vedkommende departement godtar, skal forestå manøvreringen. Ekspropriasjonsskjønn kan ikke påbegynnes før manøvreringsreglementet er fastsatt.

For så vidt vasslippingen foregår i strid med reglementet, kan konsesjonæren pålegges en tvangsmulkt til statskassen.

av inntil kr. 2000 for hver gang etter departementets bestemmelse.

16.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av departementet utføre de hydrologiske iakttakelser som i det offentliges interesse finnes påkrevd og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige. De tillatte reguleringsgrenser betegnes ved faste og tydelige vasstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anlegget skal tilstilles Norges Geografiske Oppmåling med opplysning om hvordan målingene er utført.

17.

Konsesjonæren er forpliktet til å avgi inntil 10 pst. av den gjennomsnittlige kraftmengde som vassfallet etter den foretatte utbygging og regulering kan frembringe med den påregnelige vassføring år om annet, til den kommune hvor kraftanlegget er beliggende, eller andre kommuner, derunder også fylkeskommuner, idet fordelingen bestemmes av vedkommende regjeringsdepartement. Staten forbeholdes rett til å erholde inntil 5 pst. av kraften.

Pålegget om avgivelse av kraft kan etter begjæring av en interessert tas opp til ny avgjørelse etter 30 år.

Kraften kan kreves avgitt med en brukstid ned til 5000 brukstimer årlig. Kraften avgis i den form hvori den produseres.

Elektrisk kraft uttas etter departementets bestemmelse i kraftstasjonen eller fra fjernledningene eller fra ledningsnettet, hva enten ledningene tilhører reguleringsanleggets eier eller andre. Forårsaker kraftens uttakelse av ledningene økede utgifter, bæres disse av den som uttar kraften, enten dette er staten eller en kommune. Avbrytelse eller innskrenkning av leveringen som ikke skyldes vis major, streik eller lockout, må ikke skje uten departementets samtykke.

Kraften skal leveres til vanlig pris i vedkommende forsynings- eller samkjøringsområde. Dersom det ikke er mulig å påvise noen slik pris, skal kraften leveres til selvkostende. Hvis den pris som således skal legges til grunn blir uforholdsmessig høy, fordi bare en mindre del av den kraft vassfallene kan gi er tatt i bruk, skal kraften leveres til rimelig pris.

Uenighet om prisen avgjøres av vedkommende departement.

Eieren har rett til å forlange et varsel av 1 år for hver gang kraft uttas. Samtidig som uttak varsles kan forlanges oppgitt den brukstid som ønskes benyttet og dennes fordeling over året. Tvist om fordelingen avgjøres av departementet. Oppsigelse av konsesjonskraft kan skje med 2 års varsel. Oppsagt kraft kan ikke senere forlanges avgitt. Eventuell avgivelse av overskytende kraftmengder i henhold til endret pålegg etter 2. ledd kan bare kreves etter hvert som kraft blir ledig.

Unnlater konsesjonæren å levere kraft i henhold til bestemmelsene i denne post uten av vis major, streik eller lockout hindrer leveransen, plikter han etter departementets bestemmelse å betale en mulkt til statskassen av kr. 1,- pr. dag for hver kW som urettelig ikke er levert. Det offentlige skal være berettiget til etter departementets bestemmelse å overta driften av anlegget for eierens regning og risiko så vidt nødvendig til levering av den betingede kraft.

13.

Det påhviler konsesjonæren i den utstrekning dette kan skje uten urimelige ulemper og utgifter - å unngå ødeleggelser av plante- og dyrearter, geologiske og mineralogiske dannelser samt i det hele naturforekomster og områder, når dette anses ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart.

Såfremt sådan ødeleggelse som følge av arbeidenes fremme i henhold til foranstående ikke kan unngås, skal Natur-

vernrådet i betimelig tid på forhånd underrettes om saken. Konsesjonæren skal i god tid på forhånd undersøke om faste fortidsminner som er fredet i medhold av lov av 29. juni 1951 nr. 3 eller andre kulturhistoriske lokaliteter blir berørt og i tilfelle straks gi melding om dette til vedkommende museum.

Viser det seg først mens arbeidet er i gang at det kan virke inn på fortidsminne som ikke har vært kjent, skal melding som nevnt i foregående ledd sendes med en gang og arbeidet stanses.

Konsesjonæren plikter ved planleggingen og utførelsen av anlegget i den utstrekning det kan skje uten urimelige ulemper og utgifter å dra omsorg for at hoved- så vel som hjelpeanlegg virker minst mulig skjemmende i terrenget. Plassering av stein- og jordmasser skjer i samråd med vedkommende kommune. Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områdes som trengs for gjennomføring av pålegg som blir gitt i samband med bestemmelser i denne post. Han plikter å foreta forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg er satt i drift. Overholdelsen av bestemmelsene i dette ledd undergis offentlig tilsyn. Utgifter i denne forbindelse betales av anleggets eier.

Om nærværende bestemmelse gis vedkommende ingeniører eller arbeidsledere nødvendig underretning.

19.

Anleggets eier underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid blir truffet av vedkommende departement til kontroll med overholdelsen av de oppgitte betingelser.

Utgifter i forbindelse med kontrollen erstattes det offentlige av anleggets eier etter nærmere bestemmelse av vedkommende departement.

20.

Gjentatte eller fortsatte overtredelser av postene 2, 4, 15, 17 og 19 kan medføre at konsesjonen trekkes tilbake i samsvar med ervervslovens § 26 og vassdragsreguleringslovens § 12, post 17.

21.

Konsesjonen skal tinglyses i de tinglag hvor reguleringsanlegget og kraftstasjonene er beliggende. Vedkommende departement kan bestemme at et utdrag av konsesjonen skal tinglyses som heftelse på de eiendommer eller bruk i vassdraget for hvilke reguleringen kan medføre forpliktelser.

Ved den samme kongelege resolusjon er det fastsett slikt

"Manøvreringsreglement

for reguleringer og overføringer i Åmelavassdraget m.v.

1.

Reguleringer:

| Magasin | Nat. vst. kote | Reg.grenser Øvre kote | Reg.grenser Nedre kote | Oppd. m | Sen- king m | Reg. høyde m |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Storlivatn | 538,7 | 545,0 | 522,0 | 6,3 | 16,7 | 23,0 |
| Kvandalsvatn N. | 530,0 | 534,0 | 520,0 | 4,0 | 10,0 | 14,0 |
| Sarpevatn | 540,0 | 545,0 | 540,0 | 5,0 | | 5,0 |
| Dansevatn | 541,0 | 545,0 | 541,0 | 4,0 | | 4,0 |
| Kvandalsvatn S. | 554,0 | 554,0 | 552,0 | | 2,0 | 2,0 |
| Løysingvatn N. | 682,0 | 682,0 | 680,0 | | 2,0 | 2,0 |
| " S. | 680,0 | 682,0 | 680,0 | 2,0 | | 2,0 |

Overføringer:

Avløpet fra Kvandalsvatn S - nedbørfelt 4,68 $km^2$, overføres til Storlivatn.

Avløpet fra Løysingvatn N. og S. - nedbørfelt 1,77 $km^2$- overføres til Storlivatn.

Avløpet fra Sarpevatn og Dansevatn - nedbørfelt 6,20 km$^2$ - kan overføres gjennom vestre driftstunnel til Storlivatn. Avløpet fra Mørkevatn - nedbørfelt 4,04 km$^2$ - overføres til Kvandalsvatn N.

Avløpet fra et nedbørfelt på 0,48 km$^2$ føres inn på østre driftstunnel fra Kvandalsvatn N.

Reguleringsgrensene skal betegnes ved faste og tydelige vasstandsmerker som det offentlige godkjenner. Høydene refererer seg til oversiktskart K-200-301 A.

2.

Det skal ved manøvreringen has for øye at flomvassføringene i Åmela ikke økes. Forøvrig kan tappingen skje etter L/L Tussa Krafts behov.

3.

Det skal påses at flomløp og tappeløp ikke hindres av is eller lignende samt at reguleringsanleggene til enhver tid er i god stand. Det føres protokoll over manøvreringen og avleste vasstander samt observeres og noteres om det forlanges, nedbørmengder, temperatur, snødybder m.v. Av protokollen sendes ved hver måneds utgang avskrift til Hovedstyret for Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen.

Hovedstyret kan bestemme hvor damvokteren skal bo, og at han skal ha telefon i sin bolig.

4.

Viser det seg at slipping etter dette reglement medfører skadelige virkninger av omfang for almene interesser, kan Kongen uten erstatning til konsesjonæren, men med plikt for denne til å erstatte mulige skadevirkninger for tredjemann, fastsette de endringer i reglementet som finnes nødvendige.

Til å forestå manøvreringen antas en norsk statsborger som godtas av vedkommende departement. Forandringer i dette reglement kan bare foretas av Kongen etter at de interesserte har hatt anledning til å uttale seg."

Inngrepa som det er gjeve løyve til gjeld rettar til eigedomar m.v. i Volda og Vanylven kommune i distriktet til Søre Sunnmøre heradsrett og i Eid kommune i distriktet til Nordfjord heradsrett.

Den 19. januar 1973 har Justisdepartementet oppnemnt sorenskrivaren i Søre Sunnmøre til å styre vassdragsreguleringsskjønnet utan hinder av jurisdiksjonsgrensene. Depattementet har samstundes fastsett at skjønnsstyraren skal oppnemne skjønnsmennene dersom det ikkje vert gjort anna vedtak.

Den 12. juni 1973 tok L/L Tussa Kraft ved h.r.advokat E. Brautaset, Ørsta, ut skjønnskrav mot omlag 160 saksøkte med eigedomar og rettar elles i Volda, Vanylven og Eid kommunar.

Det vart vedtatt å dele opp skjønnet, slik at ein i første omgang fremja skjønnet for områda i Dalsfjord i Volda kommune og Syvde i Vanylven kommun. Skjønnet for det avsnittet vart avheimla 2. og 3. februar 1976. Det sto då att Åheimsområdet i Vanylven kommune ogStårheimsområdet i Eid kommune. Hovudførehaving for denne siste delen av skjønnet vart halde den 9.,10.,11.og 12. august 1976 med innleidingsforedrag av prosessfullmektigane og synfaring av dei eigedomane som skjønnetgjeld. Partane og prosessfullmektigane var med under synfaringa og påviste det som dei meinte at retten skal ta umsyn til.

Dei sakkunnige var og med under synfaringa so langt som retten, partane og dei fann det naudsynt. Den 13. august 1976 hadde retten eit møte i einerom og for stengte dører der dei framsette krava ble satt opp inndelt i takstnummer. Oppsettet ble mangfoldiggjot og sendt partar og prosessfullmektigar til uttale.

Den 13., 14.og 15. september 1976 vart det halde rettsmøte med avhør av dei sakkunnige, avhør av dei partane som ba om det og dessutan halde prosedyre. Før desse rettsmøta hadde dei sakkunnige levert skriftleg uttale til retten og til prosessfullmektigane.

Den 1., 2. og 3. november 1976 drøfta retten saka i einerom og for stengte dører i tillegg til rettsmøtet for avheimling av skjønnet.

Det vart lagt fram for skjønnsretten ei rekkje dokument som er serskilt nemnt i rettsboka. Retten vil kome attende til dei i den mon det er naudsynt.

Med unntak av teknisk sjef John Otto Lundh har dei same skjønnsmennene gjort teneste i denne delen av skjønnet som i første delen. Teknisk sjef John Otto Lundh hadde ikkje høve til å ta del, og i staden for han oppnemnde rettsformannen overingeniør Aage Skåtun, Svelgen, som skjønnsmann.

Dei som har gjort teneste som skjønnsmenn er soleis fylgjande: Overingeniør Aage Skåtun, Svelgen, som kunnig når det gjeld kraftutbygging.
Fylkesagronom Anders Lothe, Førde, som kunnig når det gjeld jordbruksspørsmål.
Fiskeritekniker Ivar Søgrov, Førde, som kunnig i fiskerispørsmål.
Bonde Nils Helseth, Bjørkedalseidet.
Som varamann har kjøpmann Torbjørn Boe, Bølandet, gjort teneste til prosedyren var avslutta.

Fylgjande sakkunnige har gjort teneste etter oppnemning av rettsformannen:
Overingeniør Ivar Hagen, Bærum, i hydrologiske spørsmål.
Fagsekretær Erlend Waatevik, Bergen, fiskerispørsmål.
Fiskeribiolog Svein Aage Mohli, Munkammeren, i fiskerispørsmål.
Fylkesagronom Knut Vorjo, Molde, jordbruksspørsmål.
Alle desse gjorde teneste som sakkunnige i 1 avsnittet av skjønnet - Dalsfjord - og Syrde - området. I den delen gjorde og sivilingeniør Halling Pedersen, Trondheim, teneste som sakkunnig i kraftutbyggingsspørsmål. Etter uttale frå dei som hadde meldt seg som prosessfullmektigar på det aktuelle tidspunktet fann retten det ikkje naudsynt å oppnemne sakkunnig i kraftutbyggingsspørsmål for den siste delen av skjønnet.

Under dei innleidande rettsmøta i august 1976 kom det opp kompliserte spørsmål om inngrep i vassforsyninga i Stårheimsområdet. Dei saksøkte der fann det naudsynt å få teknisk hjelp for trygging av interessene sine i dette spørsmålet. Dei engasjerte til det sivilingeniør Erik Røstad, Snarøya,

Bærum. Han leverte retten skriftleg utgreiing og han møtte i retten i dagane 13. og 14. september 1976.

.....................

Det kom ikkje fram noko innvending mot fremje av skjønnet. Retten finn at vilkåra er oppfylte for å fremje skjønnet, og den gjer difor det.

H.r.advokat E. Brautaset la fram slike generelle skjønnsføresetnader:

I.

"Grunnlaget for skjønnet er Kgl.res. av 16. juni 1972 med der fastsette konsesjonsvilkår og manøvreringsreglement.

II.

Vassdraga vil bli regulert og overført slik:

a. Søre Kvanndalsvatn i Vanylven vil bli senka 2,0 m frå c. 554,0 til c. 552,0 ved overføring i tunnel til Storlidvatn i Volda. Nedslagsfeltet til Søre Kvanndalsvatn er 4,68 km2.

   Alternativt vil Søre Kvanndalsvatn bli oppdemt 2,0 m frå c. 554,0 til c. 556,0 ved bygging av dam i utløpsosen.

b. Avløpet frå Løysingevatna, nedslagsfelt 1,77 km2, vil bli overført i tunnel frå Søre Løysingevatn i Eid til Storlidvatn i Volda. Søre Løysingevatn vil bli oppdemt 2,0 m frå c. 678,5 til c. 680,5 ved bygging av dam i utløpsosen.

   Alternativt vil Søre Løysingevatn bli senka 2,0 m frå c. 678,5 til 676,5.

III.

Bortsett frå det som følgjer av pkt. 2 og 4 i manøvreringsreglementet blir vassutsleppa og tapping utført fullt ut etter saksøkjaren sitt behov.

IV.

Det blir oreigna grunn og/eller rettar for bygging av reguleringsdamar, sperredamar, tappetunnelar, senkingstunnelar, tippar m.m., tilkomstvegar, telefon og kraftleidningar til anleggsstadene og grunn til barakker, lager, verkstader, kontor m.m., og rett til uttak av sand, grus og annan masse til damane og andre anlegg. Saksøkjaren skal ha rett til

plassering av limnigrafar (vassmålarar).

Det blir erverva alltidvarande rett til nødvendig ferdsel og transport for undersøking av vassdraga og for bygging, inspeksjon, vedlikehald og fornying av anlegga.

V.

Tippmasser som saksøkjaren driv ut, og grunnen under, skal han ha full eigedomsrett til m.a. for å kunne oppfylle pliktene etter pkt. 18 i konsesjonsvilkåra.

VI.

Skjønnet fastset erstatning og erstatning og eventuelle tiltak for alle skader og ulemper ved regulering, tørrlegging, oppdeming og overføring m.m.

Skjønnet omfatar skader og ulemper av alle slag som dei saksøkte blir påførde.

Dei saksøkte må under skjønnet kome fram med alle sine krav.

VII.

Dersom anna ikkje følgjer av spesielle skjønnsføresetnader skal erstatninga og pålegg fastsettast under den føresetnad at reguleringsanlegga og bruken av desse blir alltidvarande, jfr. reg.l. § 16, pkt. 2.

Der inngrepet blir mellombels, blir erstatninga å fastsette som eingongs- eller tidsavgrensa erstatning.

Der oreigninga gjeld mellombels bruk av grunn, fell grunnen tilbake til fritt rådvelde for grunneigaren når saksøkjaren sin bruk er slutt. Når saksøkjaren sin mellombels bruk av grunn er slutt, skal barakker og andre bygningar og innretningar vere fjerna og grunnen rydda for materialer, avfall og restar av alle slag.

........................

VIII.

Ved fastsetting av erstatningane skal det takast omsyn til dei tiltak som saksøkjaren har tatt på seg eller er/blir pålagt av skjønnsretten eller departementet.

IX.

Erstatningane blir fastsette med eit tillegg på 25% i samsvar med regul.l. § 16, 1. ledd.

X.

Årlege og eingongserstatningar for skade/ulempe av overføringar og reguleringar blir fastsett med verknad frå 1. januar 1979 for dei saksøkte nr. 67 til 124 d, og frå 1. januar 1981 for dei saksøkte nr. 125 - 156.

Fallerstatningar blir fastsett med verknad frå 1. januar 1978 for dei saksøkte nr. 67 til 124 d, og frå 1. januar 1980 for dei saksøkte nr. 125 til 155.

Andre erstatningar blir fastsett med verknad frå følgjande tidspunkt:
Til dei saksøkte nr. 67 til 124 d frå 1. april 1978.
Til dei saksøkte nr. 125 til 156 frå 1. april 1980.

Skjønnsretten fastsett den rente som skal betalast på erstatningane frå dei tek til å løpe og til betalinga.

Etter rettskraftig skjønn forfell årlege erstatningar til betaling på forskot for eit år innan utgangen av januar.

Tiltak som saksøkjaren tek på seg å utføre:

XI.

Etter nærare pålegg frå departementet, pkt. 12 i konsesjonsvilkåra:

1. Å koste og setje ut yngel og/eller settefisk, under dette også fleirårig fisk.
2. Å utføre utfisking (uttynning) dersom reguleringa fører til overbefolkning eller forverring av dei naturlege forhold.
3. Å plassere sperregitter framfor tappetunnelane.
4. L/L Tussa Kraft tar på seg å byggo laksetrapp m.v. i Åheimselva nedanfor Gusdalsvatnet i samsvar med den planen og den kalkylen som dei fiskerisakkunnige har lagt fram i skriv 8. september 1976 til heradsretten.
5. Å koste fiskeribiologiske granskingar i området, under dette også årlege kontrolltiltak."

Det vart ikkje innvendt noko mot dei generelle skjønnsføresetnadene, men det vart ein del prosedyre når det gjeld punkt X. Etter det som der er fastsett skal dei erstatningane som no vert utmålte først ta til å verke om nokre år. Det fører til problem for fastsetting av full erstatning. Retten vil kome attende til dette seinare i skjønnsgrunnane.

H.r.advokat E. Brautaset la fram utkast til tiltak som saksøkjaren tar på seg når det gjeld Stårheimsvassdraget. Det lyder:

"Tiltak.

L/L T.K. påtar seg tiltak for å dekke de saksøktes behov for vassforsyning til husbehov til jordvatning og til dyr på beite. Dette gjelder i sommertida fra 1. juni til 15. september.

Alt. I.

L/L Tussa Kraft setter inn en tappeventil i dammen i Løysingvatn ½ m under terskelen i tunnelen. Derved er sikret et magasin på ca. 100.000 m3 til dekning av de saksøktes behov. Hertil kommer tilsiget til vatnet.

L/L T.K. bekoster arrangementet til måling av minstevassføringa i Stårheimselva litt nedanfor grensa mellom innmark og utmark på vestsida. De saksøkte fører kontroll med når vassføringa kommer under den fastsette minstevassføring og varsler L/L T.K., som utfører tappinga.

Retten fastsetter den minstevassføring som skal være på målestedet til dekning av de nevnte behov.

Alt. II.

L/L T.K. erverver de nødvendige rettigheter og bygger ut magasin i Furukleiv-vatnet til dekning av de nevnte behov. L/L Tussa K. har vedlikeholdet av og ansvaret for innretninga. De saksøkte skal selv forestå tappinga.

Retten fastsetter magasinets størrelse.

........................

L/L T.K. avgjør valget av alternativ."

H.r.advokat E. Brautaset la og fram spesielle skjønnsføresetnader med tiltak for einskilte takstnummer. Retten refererar desse under dei aktuelle takstnummer.

Han la ned slik generell påstand:

"1. Skjønnet blir fremja.
2. Skjønnet fastset erstatningane til dei saksøkte."

Advokat Ingolf Skaare la ned denne påstanden:

"1. De saksøkte tilkjennes full erstatning for fall, grunn, tapt fiske, rådighetsinnskrenkinger og ulemper.

2. Saksøkeren betaler omkostninger ved skjønnet og dekker de saksøktes utgifter til juridisk hjelp."

Advokat E. Aarseth sin påstand lyder:

"1. De saksøkte ved advokat Aarseth tilkjennes full erstatning.
2. De samme saksøkte tilkjennes saksomkostninger i henhold til oppgave."

I tillegg til denne påstanden la advokat E. Aarseth ned slikt krav om tiltak:

"1. L/L Tussa Kraft graver kanal i 2 m bredde og 50 cm dy de under vanlig sommer vannstand i utløpet av Sunndalselva i Gusdalsvatnet, jfr. fiskerisakkyndig Waatoviks forslag.
2. L/L Tussa Kraft graver kanal i 4 m bredde og 50 cm dybde under vanlig sommervannstand i utløpet av Almklovelva i Gusdalsvatnet fra Gusdalsbrua i retning mot vannet.
3. Arbeidet skal være utført før reguleringen trer i kraft."

Advokat Bjarte Eikeset la i rettsmøtet 9. august 1976 ned slik påstand:

"1. Saksøkeren pålegges å gjennomføre som tiltak regulering av Furekleiv-vatnet og/eller innsetting av ventil eller likmande i Løysingvatnet for tapping i Stårheimselva i eit omfang og på ein måte som nærare bestemmes av skjønnsretten for å sikre tilstrekkeleg vassføring i Starheimselva til dekning av dei saksøktes behov for vassforsyning til husholdning, jordvatning og gardsdrift elles.
2. Dei saksøkte tilkjennes full erstatning med tillegg av 25% for vassfall, grunn, tapt fiske, rådighetsinnskrenkinger, skader og ulemper.
3. Saksøkeren betaler dei saksøktes utgifter til juridisk og eventuel teknisk hjelp."

I rettsmøtet 15. september 1976 sa advokat Bjarte Eikeset frå om at post 1 i den nedlagte påstanden skal gå ut og istaden skal de . stå fylgjande:

"1. a. Prinsipalt:

L/L Tussa Kraft pålegges å sikre Stårheimsvassdraget

en minstevassføring i sommerperioden (1. mai - 15. sept.) på 180 l/s og i vinterperioden (16. sept. - 30. april) på 40 l/s.

Disse minstevassføringer refereres til et målepunkt som skal settes opp i elva nærmest mulig ovenfor nåværende vassverksinntak.

L/L Tussa Kraft oppretter og vedlikeholder målestedet og skal sørge for tydelig markering av den vannstand som tilsvarer hver av de pålagte minstevassføringer. Det påhviler rettighetshaverene i Stårheimsvassdraget å varsle L/L Tussa Kraft dersom vassføring ved målestedet nærmer seg/underskrider de pålagte minstevassføringer.

Under denne forutsetning frafaller advokat Eikesets parter alle erstatningskrav i anledning reguleringen, bortsett fra fallerstatning og erstatning for tapt fiske, samt erstatning som gjelder fellesskap.

b. Subsidiært.

L/L Tussa Kraft pålegges å sikre Stårheimsvassdraget en minste vassføring i sommerperioden (1. mai - 15. sept.) på 100 l/s og i vinterperioden (16. sept. - 30. april) på 40 l/s. M.h.t. målinger av vassføringen gjelder det som er bestemt ovenfor.
Under denne forutsetning frafaller advokat Eikesets parter erstatningskrav som nevnt under den prinsipale påstand, dog slik at partene i medhold av vassdragsreguleringslovens § 19 nr. 4 skal ha adgang til i fremtiden å få prøvet spørsmålet om å få forhøyet minstevassføringen og/eller få tilkjent erstatning dersom det skulle vise seg at den pålagte minstevassføring ikke er tilstrekkelig til å dekke alle de erstatningsberettigedes behov herunder å sikre elva som resipient."

I tillegg til denne påstand la advokat Bjarte Eikeset ned påstand for saksøkte som går inn i skjønnet som takstnr. 71: "Saksøkte nr. 134 Målfrid og Ingvard Heien, nr. 127 Hans R: Starheim, nr. 132 Olav Starheim, nr. 135 Johannes Starheim, nr. 139 Steinar Starheimsæter, nr. 155Gunnvald og Klara Hafsås og Oddbjørg Årdal Turheim, nr. 136 Petra og Arthur

Bakke, nr. 152 Johanne Starheimsvik og nr. 153 John O. Rafshol.

Krav: Erstatning for tap av vatn til jordbruksdrift for det jordbruksareal som ikkje grenser til Stårheimselva."

Advokat Odd Sefland la ned slik påstand på vegne av saksøkte nr. 156 Starheim Vassforsyningslag:

"Prinsipalt:

L/L Tussa Kraft pålegges å gjennomføre tiltak som bl.a. sikrer Starheim Vassforsyningslag fremtidige vassbehov. I det det tas hensyn til at Starheim Vassforsyningslag ikke er eneberettiget til å ta vann i Starheimselva, skal minstevassføringen tilsvare den alminnelige lavvannsføring etter reguleringen 180 l/s, målt ved uttaket. Dette gjelder i tiden 1. mai til 15. september. For resten av året skal tiltaket sikre en minstevassføring på 40 l/s. Tussa Kraft pålegges å betale saksøktes saksomkostninger.

Subsidjært:

Hvis retten fastsetter minstevannføringen lavere enn den alm. lavvannsføring og dette i fremtiden skulle vise seg ikke å dekke saksøktes behov på en tilfredsstillende måte skal saksøkte ha rett til å få kravet om å få minstevannføringen forhøyet, eventuelt kreve erstatning for overgang til annet vassverk, vurdert på nytt av et nytt skjønn."

..................

Fremjing av skjønnet:

Det vart ikkje reist noko innvending mot fremjing av skjønnet. Retten finn at dei lovlege vilkåra for oreigningskravet er oppfylt og kravet om å fremje skjønnet tas difor til fylgje.

Dei generelle skjønnsføresetnadene:

Som før nemnt er det i framlegget til dei generelle skjønnsføresetnadene punkt X fastsett at erstatningane skal gjelde frå tid som til dels ligg heller langt fram. Etter desse skal til dømes fallerstatningar til dei saksøkte nr. 125 - 155 fastsetjast med verknad frå 1. januar 1980 og erstatningar for skade/ulempe til dei saksøkte nr. 125 - 156 først frå 1. januar 1981. Dette inneber at retten skal fastsetje erstatning no som i det lengste tilfellet først skal ta til å gjelde om innpå 4 år. Som fylgje av dette har h.r.advokat Bjarte Eikeset havda at retten må legge til

grunn denomsetnadsprisen som ein kan rekne med at ein vil ha i 1980/81. Ved frivillig sal no ville seljarane ha kravt det.

H.r.advokat E. Brautaset har imøtegått dette standpunktet. Han har vist til § 16, nr. 5 i vassdragsreguleringslova som gir høve til å justere fastsette erstatningar kvart 20 år..

Retten ser det slik:
Etter § 11 i oreigningserstatningslova av 26. januar 1973 nr. 4 skal retten legge til grunn for erstatningsfastsettinga det tidspunktet då skjønnet vart avheimla. Denne regel er i samsvar med vanleg skjønnspraksis, jfr. Høyesterett sin dom i Rt. 1970 s. 192 flg.

**Fristen** for å gjennomføre eit skjønn med dei erstatningane som der er fastsette er eitt år etter at det er avheimla og tre månader etter at det er rettskraftig, jfr. § 57 i skjønnslova.

Retten legg til grunn for erstatningsutmålingane verdiane på det tidspunktet skjønnet er avheimla. Samtlege fastsette erstatningar forfell til betaling seinast frå det tidspunktet fristen løper ut for gjennomføring av skjønnet etter § 57 i skjønnslova. Med desse endringane for forfall av erstatningane legg retten til grunn dei framlagte og refererte generelle skjønnsføresetnadene I - XI.

Erstatnings- og vurderingsprinsipper som retten bygger på.

Fallrettar:
Skjønnskravet i saka er tatt ut 12. juni 1973. Det er då på det reine at lov om erstatning ved ekspropriasjon av fast eigedom av 26. januar 1973 nr. 4 gjeld for skjønnet, jfr. § 13 i lova. Lova vart sett i verk 15. april 1973. Etter hovedreglen i § 4 i lova skal verdsettinga av grunnarealer bygge på det aktuelle bruksverdet.

I § 5 i lova er det fastsett at dersom verdsetting etter § 4 vil føre til lågare verde enn det som generelt gjeld for tilsvarande eigedomar i distriktet etter den vanlege bruken av dei skal erstatninga bygge på det høgare verdet. Etter Høgsterett sin plenumsdom 27. januar 1976, jfr. s. 1 fylgjande i Rt. 1976 skal § § 4 og 5 vurderast i samanheng når det gjeld tilhøvet til § 105 i Grunnlova. Dei skal nyttast slik

at kravet i Grunnlova om fullerstatning vert oppfylt. Retten ser det slik at lova av 26. januar 1973 gjelder for fallrettar. Ein fallrett reknar retten med kjem inn under § 2, punkt c i lova- " rettighet i eller over slik eiendom." -

Prinsippene for verdsetting i oreigningserstatningslova må difor nyttast når det gjeld fallrettar.

Den bruken som eigarane har gjort hittil av dei aktuelle vassdraga har i det vesentlege vore sjølvgjerde, fiske og vassforsyning. Etter § 4 nr. 1 i lova er verdsettinga bunden til erstatning for bortfall av denne bruken. Det er rett nok slik at vassdraga no skal nyttast til kraftutbygging, men retten reknar med at slik bruksendring fell utafor ramen av § 4 nr. 2 i lova. Spørsmålet er om § 5 i lova kan nyttast som grunnlag for å erstatte dei aktuelle fallrettane etter salsverdet av dei. § 5 nr. 1 i oreigningserstatningslova må forståes slik at skjønnsretten pliktar å gi full meirerstatning såframt verdsetting på grunnlag av bruksverdet vil føre til lågare verde enn det lovlege omsetnadsverdet for tilsvarande eigedomar eller rettar i distriktet. Retten ser det slik at der ligg føre eit lovlege omsetnadsverde for vassdrag i distriktet som ligg slik til at dei på lønsam måte anten kan byggast ut separat eller ved overføring nyttast i eit større utbyggingsprosjekt. Trongen om elektrisk kraft i distriktet er so stor og so etterspurt at slike vassdrag er aktuelle som kraftutbyggingsprosjekt.

Retten ser det slik at eigarane av fallrettane i Åheimsvassdraget og i Stårheimsvassdraget har krav på å få salsverdet av fallrettane lagt til grunn dersom det vil gi høgst erstatning. Den finn soleis at § 5 i lova kan nyttast.

Retten legg til grunn dei vurderingsprinsipp som er fastlagte ved Høgsterett sine avgjerdslar når det gjeld verdsetting av fallrettar, jfr. m.a. Rt. 1963 s. 1288 flg. og Rt. 1967 s. 389 flg. serleg s. 394 siste avsnittet: "Avgjørende for hva der i det hele kan betales for fallrettighetene, blir på den ene sida kraftverkets verdi i utbygget stand, noe som igjen vil bero bl.a. på de kraftmengder og kraftpriser som kan ventes oppnådd, på den annen side utbyggingsomkostningene." Dette prinsippet gjeld anten det

er aktuelt med separat utbygging eller overføring av vassdraget til ei større samla utbygging av fleire vassdrag.

Retten har vurdert om separat utbygging av nokon del av vassdraga vil vere meir lønsam enn overføring av vatnet og utnytting av det i ekspropriantens kraftverk. Den utnyttingsmåten som vil gi høgst erstatning er nytta.

Under alternativet overføring av vatnet til ekspropriantens kraftverk har retten tatt utgangspunktet i det tilskotet som den einskilte elvestrekninga vil gi til kraftproduksjonen og basert verdet av det på overført stad. Retten har funne å kunne ta omsyn til at kraftverket ligg særs føremålstenleg til i L/L Tussa Kraft sitt forsyningsområde, slik at vassdraga etter måten vil ha relativ høgt verde.

Av det som er nemnd framanfor vil det gå fram at retten har vurdert fallrettane etter dei same prinsipp som under avd. I : "Dalsfjord og Syvde" i vassdragsreguleringsskjønnet. Partane har heller ikkje gjort krav på at andre vurderingsprinsipp blir lagt til grunn.

Fallerstatning eventuell ulempeerstatning.

Det er på det reine at når eit vassdrag vert nytta til kraftutbygging vil det føre til at det ikkje kan nyttast til andre føremål som føresett vassføring, som til dømes fiske og som sjølvgjerde for dyr.

Partane har som under avd. I av vassdragsreguleringsskjønnet sagt seg samde i at dei ikkje har krav på erstatning både for fallrettar og for ulemper ved fisketap og andre funksjonar ved elva som er utelukka ved kraftutbygging.

Retten finn at dette standpunktet er i samsvar med gjeldande rett. Den utnyttingsmåten som vil gi høgst erstatning er lagt til grunn.

Erstatning for inngrep i grunn og ulemper på attverande eigedom er vurdert etter bruksverdet, som gir høgst erstatning.

Retten har gjort seg opp ei meining om den årlege nettoavkastninga og har nytta 5% som kapitaliseringsfaktor.

Prisnivå:

Erstatningane er basert på det prisnivået som gjeld for tida, jfr. det som er sagt under retten sine merknader til dei generelle skjønnsføresetnadene.

Vurdering av fallrettane i reguleringsområdet.

På grunnlag av skriftleg utgreiing 2.9.1976 av den oppnemnde sakkunnige overingeniør Ivar Hagen og forklaring av han i retten legg retten til grunn eit normalavløp på 87 liter/sek./$km^2$ for dei nedslagsfelt som går inn i utbyggingsplanen. Partane har ikkje innvendt noko mot dette. Dei er samde om storleiken på nedslagsfeltet som går inn i reguleringa og om fallhøgdene. Den regulerte vassføringa for heile utbygginga (Dalsfjord, Syvde, Åheim og Stårheim) på 34,21 $km^2$, er sett til 2,59 $m^3/s$. Fallhøgda er rekna frå tyngdepunktet i magasinet i Storlidvatnet, H = 534 m.

Retten har rekna den einskilte del av vassdraget sin andel av den samla regulerte vassføring som lik andelen av det samla nedslagsfeltet. Det er soleis lagt til grunn det prinsipielle synet at dei magasina som går inn i utbyggingsplanen vert sett som magasin for alle elvar som vert tatt inn i kraftverket.

Den rå vasskrafta ( i nat. hk. ) vert å rekne ut på grunnlag av dei moglegheiter som dei felles magasina gir for regulering av avløpet frå alle desse elvane, også frå dei som sjølv har små eller ingen reguleringsmoglegheiter som kan nyttast.

Natureffektene vert:

Åheimsvassdraget: (Kvandalsvatn S. - sjøen)

$$13,33 \times 2,59 \times \frac{4,68}{34,21} \times 534 = 2522 \text{ nat. H.K.}$$

Stårheimselva: (Løysingevatn - sjøen)

$$13,33 \times 2,59 \times \frac{1,77}{34,21} \times 534 = 954 \text{ nat. H.K.}$$

Ved fordeling av naturhestekreftene pr. meter fall er brukt naturleg vasstand i dei overførte vatn, 554 m for Kvanndalsvatn S. og 680 m for Løysingevatn.

Kraftyting pr. meter for kvar side elv vert:

Åheimsvassdraget: $\frac{2522}{554} \times \frac{1}{2} = \underline{2,28 \text{ nat. H.K.}}$

Stårheimselva: $\frac{954}{680} \times \frac{1}{2} = \underline{0,70 \text{ nat. H.K.}}$

Retten har lagt til grunn den utbyggingsprisen som Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen rekna med i 1971, nemleg kr. 42,5 øre/k Wh (jfr. Stortingsprp. nr. 79, 1971 - 72 s 26).

Etter det prisnivået som var i 1971 er dette eit etter måten dyrt anlegg, truleg på grensa mellom klasse II og III av dei kostnadsklassane som Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen klassifiserar anlegga etter. Retten har lagt vekt på at anlegget vil vere eit toppkraftanlegg med brukstid på berre 3600 timar, og at det av den grunn vert høvesvis dyrare enn anlegg som det elles er naturleg å samanlikne det med.

Retten er komen fram til eit vederlag på kr. 55,- pr. naturhestekraft når det gjeld Åheimsvassdraget og til kr. 50,- pr. naturhestekraft når det gjeld Stårheimsvassdraget. Årsaka til at erstatninga er sett lågare for Stårheimsvassdraget enn for Åheimsvassdraget er det tiltaket som L/L Tussa Kraft vert pålagt når det gjeld minstevassføringa i det først nemnde vassdraget. Separat utbygging av nokon del av vassdraget eller utbygging av serleg konsentrerte fallstrekkjer i elvane vil gi eit dårlegare økonomisk resultat enn utnytting i Åmela kraftverk. Dette fell difor vekk som erstatnings alternativ.

Vurdering av dei sannsynlege fiskeskadane i reguleringsområdet.

Retten har fått framlagt oppgåver over inngrep i vassdragene som reguleringane vil føre med seg og som vil ha noko å seie for fisket. Det gjeld m.a. vasstand i vatnene og reduksjon i vassføring i elvane. Retten har fått skriftlege og muntlege uttale frå dei to oppnemnde fiskerisakkunnige.

Dei har redegjort for den noverande tilstanden i vatnene og i elvane, korleis den ville kunne ha betra seg ved hensiktsmessig kultivering og utnytting og korleis tilhøva vil verte etter at vassdragsreguleringane er sette i verk. Retten har i det vesentlege basert seg på dei fiskerisakkunnige sine vurderingar.

Dei erstatningane for fisketap som retten fastsett er mellombelse. Dei skal gjelde i sjuv år frå overføringane har tatt til.

Retten har lagt til grunn at det samla verdet av eit fiskevatn eller ei fiskeelv er basert på kva som finns av gyteplassar,

oppvekstplassar for småfisk, av plassar som er gunstige for utøving av fisket og korleis tilkomst-tilhøva er. Det er tatt umsyn til om der på einskilte takstnummer er serleg god fiskeplass.

Retten har ikkje bunden vurderingane til korleis tilstanden er no i vatnene og i elvane, men har der det er naturleg grunnlag for det tatt umsyn til at tilhøva ville kunne ha betra seg ved kultivering og utnytting.

Inngrepa i fjellvatnene er heller små. For Kvanndalsvatn S. i Åheimsvassdraget og for Løysingevatn i Stårheimsvassdraget er det lagt fram to alternative reguleringsplanar. Det eine alternativet går ut på oppdeming 2 m for å samle flaumvatn, som med ein gong vert overført til hovudmagasinet i Storlidvatnet. Dette alternativet vil truleg ikkje føre til nedsett fiskeproduksjon i vatnene.

Det andre alternativet med senking 2 m vil føre til produksjonstap, og serleg for Kvanndalsvatn S. vil ein god del av botnarealene verte tørrlagte. For fisket i Slivatnet kan det få ein del å seie at elva frå Kvanndalsvatn S. vert tørrlagt og at gode fiskeplassar kring elveosane vert reduserte i verde. Sameleis kan redusert gjennomrenning i visse periodar føre til ei mindre senking av vasstanden.

Retten forstår dei sakkunnige slik at det i Kvanndalsvatn S. medrekna den delen som vert kalla Bjørnalivatn er naturlege vilkår for eit relativt godt fiske, men at det einskilte år kan vere naudsynt med utsetting av settefisk i Bjørnalivatn. Drift og utnytting av fiske har vore god i Kvanndalsvatn S.

Under alternativet senking av vatnet har dei sakkunnige sett skadeprosenten for Kvanndalsvatn S. til 15 og under alternativet oppdeming til 0. Når det gjeld Slivatnet har dei sakkunnige uttalt at det og der er naturlege vilkår for eit relativt godt fiske. Der har det vore ei meir tilfeldig utnytting av fisket. Skadeprosenten for dette vatnet er sett til 5.

Produksjonstilhøva i Løysingevatnet er vurdert som dårlegare enn i Kvanndalsvatn S. og i Slivatnet. Det er og slik at fisket har vore tilfeldig utnytta i Løysingevatnet. Under alternativet senking er skadeprosenten sett til 10, mogeleg 15. Dersom Løysingevatnet vert oppdemt er dei sakkunnige

sin konklusjon at der ikkje vert påført fisketap.

I Åheimsvassdraget er det eit vatn til. Det er Gusdalsvatnet, som ligg nederst i Almklovdalen i den lakseførande delen av vassdraget. Dei sakkunnige har uttalt at vatnet er næringsrikt og at det har god vasskvalitet for fiskeproduksjon. Vatnet er overfolka med røye og innlandsaure av dårleg kvalitet. Årsaka til det er trulog svak utnytting og at det ikkje har vore gjennomført kultiveringstiltak.

Reguleringa av Kvanndalsvatn S. vil føre til redusert gjennomrenning og ein mindre reduksjon i vasstanden i Gusdalsvatnet i visse periodar. Dei sakkunnige har uttalt: "Dette vil ikke få målbare virkninger på produksjon av innlandsfisk i vannet ei heller på utøvelsen av fisket. Hvorvidt den reduserte vannføring i Almklovelven vil påvirke laks- og sjøaurens vandring i vannet og fiskemulighetene etter disse arter vites ikke. Trolig ikke målbare endringer."

Retten vurderar det slik at skaden på fisket vert liten når det gjeld røyr og innlandsaure. Det vert rekna med redusert oppgang til vatnet av laks og sjøaure. Jamvel når det vert tatt umsyn til dei tiltak som saksøkjaren har tatt på seg i elva nedafor vatnet.

Når det gjeld elvane som er omfatta av skjønnet nemner retten først Åheimsvassdraget. Elva er flaumelv. Der er relativt store vatn innanfor nedslagsfeltet, og desse jamner ut vassføringa noko. Ein må rekne med at snøsmeltinga frå dei felta som ligg høgst har mykje å seie for vassføringa i vassdraget i juni og juli månad. I juli og august er vassføringa i vassdraget ofte lita og det krevst nedbør for at fisken skal søke på elva.

Den lakse- og sjøaureførande delen av vassdraget er frå sjøen og opp til Rustadfossen, omlag 1,7 km. ovafor Gusdalsvatnet. Det er for vurderinga naturleg å dele vassdraget frå Rustadfossen og oppover inn i strekkja til Slivatnet og derfrå opp til Kvanndalsvatn S.

Når det gjeld den delen som er laks- og sjøaureførande har dei fiskerisakkunnige uttalt:
"Åheimselva må karakteriseres som en næringsrik elv med til dels bra oppvekstområder for lakseunger og med fine muligheter for sportsfiske. Det må være helt klart at Åheimselva, slik den er idag, har stor betydning som sportsfiskemulighet og

har stor rekreasjonsverdi både for turister og for det omkringliggende bygdesamfunn."

Laksestammen er hovedsakleg smålaks, pjakk, med ei gjennomsnittsvekt på 1.4 - 1,5 kg.

Den offisielle laksestatistikken for Åheimselva viser variasjonar i årleg avkastning frå ca. 500 kg. til 2.900 kg. Dei siste 10 åra er det gjennomført kultiveringsarbeid i form av yngelutsettingar, men desse har etter slik dei sakkunnige vurderar det, enno ikkje gitt det utslag i avkastninga som ein kan vente i åra framover.

Dei sakkunnige er komne fram til ei årleg gjennomsnittleg avkastning på 2500 kg. laks- og sjøaure. Dei har då rekna med produksjonsareal for laks-/sjøaureungar opp til garden Duestøl. Det er ikkje lagt fram for retten noko materialeavtale e.likn. som gir eigarane til den lakseførande delen av vassdraget, rett til slik utnytting lenger opp enn til og med Rusten. Retten har som følgje av dette redusert dei sakkunnige sine tal for avkastning med 10%. Retten har ved si vurdering om ei so høg framtidig gjennomsnittleg avkastning pr. år tatt umsyn til det opplegget for kultivering av vassdraget som er planlagt av elve-eigarlaget i sambard med bygging av eige klekkeri for laks og sjøaure.

Det vert elles nemnd at Åheim elveeigarlag har selt fiskekort og at deler av elva har vore leigt bort i mange år.

På strekkja frå Rustadfossen til Slivatnet har elva sterk skiftande karakter. Der er parti der elva er flat og loneaktige og der er elvelengder der elva er stri. Der er på einskilte stader gode fiskekulpar og der er parti med til dels dårlege fiskemogelegheiter av større fisk. Nokre stader er der gode oppvekstmoglegheiter og på andre parti dårlege.

Det har vore selt fiskekort for fiske i den øvre delen oppover mot Slivatnet, men omfanget av fiskekortsalet har vore lite. Dei fiskerisakkunnige har fått inntrykk av at det er få som fisker i denne delen av vassdraget.

Fangsten har sannsynlegvis vore småfallen aure på 15 - 25 cm. Dei sakkunnige har rekna med årleg fangstkvantum på 30 kg. pr. hektar opp til 400 m ovafor Rustadfossen og til 20 kg. pr. hektar for resten av elva opp til Slivatnet.

Elva frå Kvanndalsvatn S. til Slivatnet har mange gode fiskeplassar og den høver godt til stangfiske med mark. Større fisk i eit vatn vil ofte søke nod i utløpselva og verte fiska der. Elva er nytta til stangfiske. Dei fiskerisakkunnige har sett hektar avkastinga for denne delen av elva til 20 kg. pr. år.

Etter overingeniør Hagen sin tabell 1 vil reguleringa føre til fylgjande vassføringsreduksjon i prosent av årsmedel.
Ved sjøen 8,3.
UtløpGusdalsvatn 10,1.
Innløp " 12,9.
Elvedelet v/Åsen 20,3.
Utløp Slivatn 60,6.
Utløp Kvanndalsvatn S. 100.

Dei fiskerisakkunnige har uttalt fylgjande om dei skadeverknadene som reguleringa vil få for fisket i Åheimsvassdraget:

"a. Redusert vannføring i vassdraget fører til at fisken bruker lengere tid på lokalisere, og å gå opp i vassdraget.
Innvandringen og derved fiskeoppgangen tar derved lengre tid og fisket blir utsatt for større sjøbeskatning. Det foregår idag et utstrakt garnfiske i fjordene på Sunnmøre. Lovlig fisketid for sjøfiske etter laks og sjøørret opphører imidlertid 5. august. Likevel må en anta at sjøbeskatningen av smålaks og sjøørret er av betydelig størrelse. Ettersom smålaks for en stor del går gjennom maskene i drivgarn og kilenøter er sjøbeskatningen av smålaks mindre sammenlignet med tilsvarende for mellomlaks og storlaks. Videre er smålaksens oppholdstid i havet bare 1 år. Den er derfor utsatt for mindre dødlighet og mindre fangst sammenlignet med laks som går 2 - 3 år i sjøen.

b. Utgvelsen av fisket blir forstyrret ved at flommene kulminerer tidligere enn før. Antall fiskedager blir derved mindre.

c. Redusert vannføring om sommeren fører til tap av oppvekstplasser for fiskeunger. Dette er spesielt viktig for vassdrag med grunn elveprofil.

d. Tørrlegging av gyteplasser og oppholdsplasser for ungfisk i vinterhalvåret."

Dei fiskerisakkunnige har sett skadeprosenten til 20 for den lakseførande delen av vassdraget.

Når det gjeld strekkja frå Rustadfossen og opp til Brattgjølfossen (elvedelet Åsen) har dei sett skaden lik vassføringsreduksjonen. Når det gjeld elva fra Slivatnet til Brattgjølfossen har den fiskerisakkunnige Erelnd Waatevik forklart for retten at han vurderar skaden til 60 - 70%. Elva frå Slivatnet til Kvarndalsvatn S. vert rekna som totalskadd.

Ved fastsetting av erstatningane har retten vurdert om tapet når det gjeld verdet av sportsfisket er større enn tapet av det sokalla kjøttverdet. Retten har lagt til grunn det verdet som vil gi høgst erstatning. Retten har lagt til grunn sportsfisketverdet for Åheimselva.

Som før nemnd skal L/L Tussa Kraft bygge laksetrapp m.v. i elva nedanfor Gusdalsvatnet der fisk no har vanskar med å gå opp. Retten ser det slik at desse tiltaka vil gi føremoner for laksefisket i heile vassdraget. Det gjeld tiltak som var hensiktsmessige å gjennomføre sjøl om det ikkje vart reguleringar. Retten har funne å måtte ta noke omsyn til dette ved fastsetting av erstatningane. Den er komen fram til at den skade som reguleringane vil føre til vert å rekna til 15% for den lakseførande delen av vassdraget. I anslaget til dei sakkunnige på 20% er det tatt med det produksjonstap av fiskeungar som kan ventas å oppstå. Etter retten ei meining kan produksjonstap delvis kompenserast gjennom pålegg om utsettingar, slik det er fastsett i konsesjonsvilkåra, og det skal soleis ikkje erstattast fullt ut.

For elva elles legg retten til grunn vurderingane til dei sakkunnige.

Stårheimselva er ei typisk flaumelv. Laks- og sjøaure kan gå omlag 800 m opp frå sjøen. Den nedre delen av elva er storsteina og stri. Ovafor den lakseførande delen går elva

først gjennom eit jordbruksområde. Seinare er elva striare oppover mot Sateråsen. Derfrå er elva slakare og har mange fine fiskekulpar før den siste fallstrekninga opp mot Løysingevatnet. På denne siste strekninga har dei sakkunnige vurdert elva som verdelaus for fiske.

Retten har fått det inntrykket at Stårheimselva har vore heller lite påakta som fiskeelv, og det er lite opplysningar om det fisket som har vore dreve.

Dei fiskerisakkunnige har rekna med at vassdraget med planmessig kultivering kan gi ei årleg avkastning på 400 kg. laks/sjøaure.

Overingeniør Hagen har uttalt at reguleringa vil føre til slike vassføringsreduksjonar i middel:

Ved sjøen 9,4%.
Ved vassverket 11,2%.
Utløp Løysingvatn 100%.

Retten er komen fram til eit årleg fisketap på 60 kg laks og sjøaure for den delen av elva der slik fisk går opp. For resten av elva har retten sett det årlege tapet til 15 kg innlandsfisk.
Den har ved fastsetting av erstatninga lagt til grunn tap av det sokalla kjøttverdet.

<u>Tiltakskravene:</u>
I Åheimsvassdraget:
Dei fiskerisakkunnige har uttalt fylgjande når det gjeld tilløpselvane, Almklovelva og Sunndalselva, til Gusdalsvatnet:

"Grunnet opplegging av større sandbanker av olivinsand ved utløpet av disse elvene, vil en senking av Gusdalsvatn medføre vansker for oppgangen av laks og sjøaure ved liten vannføring i elvene. For å bøte på dette, bør det graves enkle kanaler, renner som antydet på kartet. Kanalene bør være stort sett av samme bredde som elven ovenfor, ca. 2 m for Sunndalselven og 3 - 4 m for Almklovelven. Dybden på kanalene bør være ca. 50 cm under vanlig sommervannstand. Kanalene/rennene graves direkte i sanden uten noen form for forsterkning/steinsetting av sidene, da dette trolig ikke vil være nødvendig.

Grunnen til sandbankene var periodevis sandvasking utført av A/S Olivin lenger oppe i vassdragene. Dette er nå slutt.

Det ville derfor vert mer naturlig at A/S Olivin påtok seg oppryddingsarbeidet og sette osene i den stand de var før sandvaskingen."

Det kartet som det er vist til er fig. 5 side 21 i den skriftelege utgreiinga 9.9.1976 til dei fiskerisakkunnige.

Advokat E. Aarseth har påstått at L/L Tussa Kraft pålegges å utføre dei nemnde tiltaka. Når det gjeld utløpet av Sunndalselva er kravet hans at kanalen skal vere 2 m breid og at den skal vere 50 cm djup under vanleg somarvasstand. Når det gjeld utløpet av Almklovelva er kravet til advokaten at kanalen skal ver 4 m breid og 50 cm djup under vanleg somarvasstand. Han har kravt at tiltaka skal vere gjennomført før reguleringa vert sett i verk.

H.r.advokat E. Brautaset har på vegne av L/L Tussa Kraft sagt frå om at selskapet tar på seg å utføre tiltaka, men han har presisert at det skal vere eit eingongsarbeid, slik at selskapet ikkje tar på seg vedlikehaldet. Advokat Aarseth har ikkje protestert mot det.

Retten legg til grunn at L/L Tussa Kraft gjennomførar dei nemnde tiltaka i samsvar med framlegget frå dei fiskerisakkunnige og i samsvar med påstanden frå advokat E. Aarseth om at breidda på kanalen når det gjeld utløpet av Almklovelva skal vere 4 m. Tiltaka skal vere gjennomførde før reguleringa vert sett i verk.

L/L Tussa Kraft vert ikkje pålagt vedlikehaldet av kanalane, jfr. det som er referert om at oppgrunninga har si årsak i opplegg av olivinsand frå anlegget til A/S Olivin.

I Stårheimsvassdraget:

Stårheimselva har eit samla nedslagsfelt på 23,0 km$^2$. Den er som før nemnd ei typisk flomelv, steil og med lita sjølregulering. Vassføringa varierar raskt. Dei store vassføringane er relativt korte i tid, og lavvassføringane er små. Dei sakkunnige, overingeniør Hagen og den private engasjerte sakkunnige, sivilingeniør Erik Ræstad, rekna med at det spesifike avløp kan gå ned i 1 l/s pr. km$^2$, heilt ekstremt ned i 0,5 l/s pr. km$^2$. Det vil seie ei vassføring ved utløpet i fjorden på 23 l/s eventuelt heilt ned i 11 - 12 l/s. Desse ekstreme vassføringane

kan ein få om vinteren i februar - mars og om somaren i juli - august.

Når det gjeld den vanlege lavvassføring anslår overingeniør Hagen den til 10,7 l/s pr. km$^2$ eller til 203 l/s ved vassverket sitt inntak i elva og til 245 l/s ved utløpet i sjøen. Dette svarar til høvesvis 14,2% og 14,5% av medel vassføring. Overingeniør Hagen er komen fram til desse verdiane ved å bygge på observasjonar frå Steinkvivatn avløpstasjon. Den er i eit vassdrag der det er god sjølregulering. Sivilingeniør Ræstad har nytta tala til overingeniør Hagen i den munnlege redegjerdsla som først nemnde ga for retten. Retten ser det slik at dei sakkunnige har vurdert den vanlege lavvassføringa i Stårheimselva forhøgt. Dei har etter retten si vurdering ikkje tatt nok umsyn til at sjølreguleringa i vassdraget der Steinkvivatn avløpstasjon er god medan den i Stårheimsvassdraget er dårleg.

Løysingevatnet som skal regulerast for utnytting i Åmela kraftverk, har eit nedslagsfelt 1,77 km$^2$. Vatnet ligg øvst i nedslagsfeltet til Stårheimselva og det er det som gir den beste mogelegheit for ei mindre regulering av Stårheimselva. Ved utløpet av Løysingevatnet har det vore bygget ein steinfyllingsdam, som gjer det mogleg med ei regulering på 0,6 - 0,8 m med eit magasin på omlag 180000 m$^3$. Sjøl utan regulering må ein rekne med at det i tørkebolkar kjem ein relativ større del av vassføringa i Stårheimselva frå Løysingevatnet enn frå nedslagsfeltet elles til elva.

Når Løysingevatnet vert regulert til kraftproduksjon i Åmela kraftstasjon vil minstevassføringa i Stårheimselva minke relativt meir enn storleiken på det overførte feltet skulle tilseie. Dessutan vil det ikkje lenger vere mogleg for dei saksøkte å auke minstevassføringa i elva i tørkebolkar ved eigne reguleringstiltak i Løysingevatnet. Dei nyttar elva idag m.a. som drikkevassforsyning og dei kan og nytte den til vatning av jord. Dei saksøkte har difor sett fram krav om at L/L Tussa Kraft vert pålagt tiltak, slik at dei vert sikra eit magasin og ei minstevassføring som er stor nok til å dekke den påreknelege trongen om vatn frå elva til husbruk, til vatning for jordbruket og slik at

elva kan verke som resipient - vere mottakar for avløpsvatn frå bustader, fjøs, dyrka mark og beitemark -.

L/L Tussa Kraft har ved den nedlagte påstanden frå h.r. advokat Brautaset tatt på seg tiltak for å dekke trongen til dei saksøkte for vassforsyning til husbruk, til jordvatning og til dyr på beite i sommertida frå 1. juni til 15. september. Han har bedt retten fastsette den minstevassføringa som elva skal ha på målestaden for det nemnde føremålet. Han har gjort gjeldande at det skulle vere tilstrekkeleg med ei minstevassføring på 50 l/sek. Advokaten har hevda at der praktisk talt ikkje har vore jordvatning i dalføret: Jamvel om ein ikkje kan sjå bort frå at det i framtida vil verte trong om jordvatning vil det ikkje verte aktuelt med store areal. Vassforsyningslaget er etter h.r. advokat Brautaset si vurdering " på veg ut ", og det er i alle høve ikkje grunn til å rekne med at det vil kome til nye vassforbrukere i laget.

Når det gjeld elva som resipient har h.r.advokat Brautaset prinsipalt hevda at reduksjonen i medel vassføring vil verte so lita , 10%, at det ikkje vil ha noke å seie. Subsidiært har han bedt dette skjønnsspørsmålet utsett.

Advokat Bjarte Eikeset har for partane sine påstått at minstevassføringa må vere på 180 l/s i tida 1. mai - 15. september og på 40 l/s i tida 16. sept. - 30. april. Subsidiært har han påstått 100 l/s i den nemnde bolken om somaren og då med rett til å få vurdert seinare spørsmålet om auka minstevassføring, eventuelt erstatning, dersom det skulle vise seg at den fastsette minstevassføring er for låg. I advokat Eikeset sitt krav om minstevassføring er medrekna det som han meinar trengs for elva som resipient.

180 l/s er den vanlege lavvassføringa som overingeniør Hagen er komen til at det vil vere ved vassverkets inntak i elva etter at reguleringa er sett i verk.

Advokat Eikeset har prinsipalt hevda at konsesjonen bygg på den bindande føresetnaden at L/L Tussa Kraft sikrar vanleg lavvassføring på 180 l/sek. ved vassverket sitt inntak i elva. Han har som grunnlag for det vist til St.prp. nr. 79 (1971 - 72) s. 24, post 11, skriv 29. mars 1972 frå oppsitjarane til Stortinget sin industrikomité, skriv 17. april

1972 frå L/L Tussa Kraft til Stortinget sin industrikomité og skriv 18. april 1972 frå oppsitjarane til den same komitéen.

Subsidiært har advokat Eikeset hevda at påstanden hans om tiltak om minstevassføring er i samsvar med vilkåra i § 16, punkt 5. i vassdragsreguleringslova. Utgiftene ved eit slikt tiltak vil klart vere mindre enn skadeverknadene dersom tiltaket ikkje vert utført. Han har og vist til § 19 punkt 1 i vassdragsreguleringslova og har hevda at partane hans representerar "almene interesser" som er nemnd i den lovføresegna.

Advokat Odd Sefland som representerar Stårheim Vassforsyningslag, har lagt ned påstand om minstevassføring på 180 l/s i tida 1.5.- 15.9. målt ved laget sitt uttak i elva og 40 l/s resten av året. Han har bedt om at det må tas umsyn til at laget ikkje er det einaste som har rett til å ta vatn frå elva. Tiltaket må soleis vere slik at alle interesene vert sikra og at det ikkje må gå ut over vassforsyningslaget.

Advokat Sefland har uttalt at der ikkje liggføre kontrakt som sikrar laget rett til uttak av vatn frå elva, men drifta av vassverket har pågått i 16 - 17 år og ein må kunne sjå uttaket som rettmessig. H.r.advokat Brautaset har for retten godtatt det.

Advokat Sefland har vist til det same grunnalget som advokat Eikeset når det gjeld kravet om minstevassføring og han har poengtert at det for laget gjeld store verdiar som kan gå tapt dersom eksproprianten ikkje vert pålagt eit tilfredsstillande tiltak. Det vil kunne verte aktuelt med eit erstatningskrav på over kr. 300.000,-. Laget har no 37 medlemar.

Den oppnemnde jordbrukssakkunnige, fylkesagronom Knut Herje har uttalt seg om spørsmålet om jordvatning og om vatn til dyr på beite.

Han har i den skriftlege utgreiinga dagsett 1.9.1976 uttalt fylgjande:

"Dei tilhøva som særleg avgjer om det trengs vatning er korleis nedbøren fordeler seg i veksttida og elles jordart og terrengforhold. Kva vekstar som blir dyrka har også sitt å seie.

Når det gjeld Starheim, finn vi nærasto målestasjonen på Engeland, mellom Haugen og Hjelmelandsdalen. Her er det ein middelnedbør på 1466 mm for året med 68, 70, 119 og 140 mm i månadene mai til september. Det er grunn til å rekne med at nedbøren i Starheim ligg i underkant av nedbøren på Engeland. Nedbørmålingar på Myrold over nokre år syner variasjoner frå 1600 til 1200 mm årsnedbør.

Det er sjølvsagt nedbøren i vekstutida og særleg i månadene mai - august, som har interesse i denne samanhengen. Nedbøren på ettersommaren er oftast rikeleg, men år om anna kan det vere knapt med nedbør på forsommaren. Dette vil setje veksten på eng og beite attende. Dersom det er i minste laget med nedbør, vil dette slå ut sterkast på grunn jord og på jord som har lita evne til å halde på vatnet.

Særleg på austsida av Starheimselva finn vi gardar med ein del av den dyrka jord på elveterrasser. Her er matjordlaget tynt og undergrunnen lekk slik at det lett blir for tørt. På andre bruk er det grunne rabbar som lett blir avsvidd når det er for lite nedbør. - Vest for elva er dei mest utsett for tørke avdi fjellet ligg så nær opp i dagen.

Det er svært få på Starheim som har vatna jorda si hittil. For ein del år attende var det mykje bærdyrking i bygda. No kan det vere teikn som tyder på at jordbærdyrking vil ta seg opp. I det heile, dersom der blir satsa på sterkare utnytting av jorda med auka husdyrhald og meir bærdyrking blir spørsmålet om vatningsanlegg på garden meir aktuelt.

Av tabellane (tab. 1 og tab. 2) og har sett opp går det fram at det er ialt kring 875 dekar fulldyrka jord og kulturbeite på dei gardane som ligg til elva med innmarksteigar. Dyrkingsjord er det lite av. Omkring halvparten av det som er gitt opp som dyrkbart er kulturbeite no, og vi kjem då opp i eit samla jordbruksareal på 900 dekar på desse gardane.

Ved forsommartørke kan vi gå ut frå at omlag halvparten av denne jorda, det vil seie 450 dekar, treng vatning for å gje tilfredsstillande avling.

Av røynsle veit vi at det trengs 30 mm vatn for å gje rotbløyte i tørkeperioder. Vi må rekne med å kome igjen med vatning etter 10 dagar.

Dersom vi har 450 dekar som skal vatnast, vil det bli 45 dekar å vatne pr. døger. Dette gir eit vassforbruk på 0,3 dm x 4.500.000 $dm^2$ = 1.350.000 $dm^3$ pr. døger. Dersom vi vatnar effektivt i 10 timar pr. døger, må vassreservoaret gi 37,5 l. pr. sek. Dette er grovt utrekna. Her har vi reint teoretisk gått ut frå eitt anlegg. I praksis vil det bli mange små anlegg, og då vil det samla vassforbruket bli større, gjerne 20 prosent meir. Då kjem vi opp i 42,5 l. pr. sek.

Ved sterkare utnytting av jorda kan det kome på tale å vatne jord som ikkje beinveges er tørkesvak. Dyrking av meir grønsaker og bær enn tilfellet er idag kan gjere at det trengst vatning i større mon enn tidlegare.

<u>Vatn til dyr på beite</u> gjeld kyr og ungdyr. I dag er det 87 kyr og 184 ungdyr (sjå tabellar) på dei gardane som har dyrka jord og beite til elva.

Dersom vi går ut frå ei meir intensiv drift med større vekt på mjølkeproduksjon skulle det vere jordvidde for 150 mjølkekyr og like mange ungdyr på dei gardane som har innmark til elva. Reknar vi det same dyretalet som no for dei som har berre utmarksteigar på vestsida, kjem vi opp i 180 mjølkekyr og like mange ungdyr.

Vassbehovet på beite kan vi setje til 80 l. pr. ku og 50 l. pr. ungdyr. Dagleg trengs det då 24000 l. drikkevatn på beite. Husdyrtalet i framtida er svært vanskeleg å fastsetje. Det heng mellom anna saman med kor vidt utmark og fjellområde blir dyrka og nytta ut. Skulle det bli bygt fellesbeite med fjøs framme i dalen, vil det gå mykje vatn til dagleg reinhald.

Særleg det eg har skrevi om jordvatning må skjønsretten sjå på som ei grov vurdering frå mi side. Skulle eg gje eit uttømande svar på det spørsmålet, måtte eg ha mykje betre tid på meg enn det retten gav høve til no."

Det jordbruksarealet som fylkesagronom Herje har oppgitt, 900 dekar, gjeld dei gardane som ligg til elva.

Advokat Eikeset har komi med krav om vatn frå elva til jordvatning for ein del saksøkte med jordbruksareal som ikkje grensar til elva. Både han og den privat engasjerte

sakkunnige, sivilingeniør Erik Ræstad, har lagt til grunn at det trengs vatning til 1000 dekar jord.

Sivilingeniør Ræstad har rekna med at det til vatning av 1000 dekar trengs 70 l/s og til vanleg vassforsyning til husbruk 5 l/s. Han har når det gjeld vassforbruk konkludert slik:

"Hvis Stårheimsbygda skal være sikret for sine interesser m.h.t. vassforbruk trengs etter vår oppfatning et reguleringsmagasin i restvassdraget på 120 - 130 000 $m^3$, eventuelt en innretning som sikrer Stårheimsbygda et slikt uttak fra S. Løysingvatn derson vassføringen i restvassdraget svikter."

I tillegg til dette føremålet har han tatt opp til handsaming det som han meinar trengs for drift av bygdekvenner, sagbruk og for elva som resipient.

Han er komen fram til at der er 3 alternativ å velje mellom. Desse er:

"1. Slipping av vann inntil 200 l/s i nedre del av elva, som kunne produsere kraft i Åmela. Dette kan kombineres med helt minimale konstruktive tiltak.
2. Bygging av et reservemagasin på 250 000 $m^3$ til erstatning for Løysingvatn - magasinet og feltreduksjon.
3. Kostander til kloakkrenseanleggets kjemiske trinn, og vassverkets -kloringsanlegg. Erstatning for avlingstap, kraft-tap i kvernretter m.v., ulemper ved tidvis driftsvansker for vassverk. Tap i fiskeoppgang i elva ."

Retten ser saka slik:

Den tar først standpunkt til påstanden om at konsesjonen bygg på den føresetnaden at L/L Tussa Kraft syter for vanleg lav-vassføring ved vassverket sitt inntak i elva.

I St. prp. nr. 79 s. 15, spalte 2 fylgjande er referert skriv 22/12-1972 frå L/L Tussa Kraft. På s. 17 spalt 1 har kraftlaget uttalt fylgjande: "Inngrepets betydning for vassverket på Stårheim kan neppe neglisjeres, og vi finner det rimelig at vi som erstatning kan bli pålagt en regulering av Furekleivvatn."

På s. 24 spalte 2 i St. prp. nr. 79 er referert fylgjande uttalelse frå Hovedstyret i Norges Vassdrags- og elektrisitetsvesen: "Det ligg føre fleire skadekrav som det kan vere høveleg å få vurdert av eit tiltaksskjønn. Ein nemner her Stårheim Vassforsyningslag sitt krav og elles dei vassproblem som kan oppstå for dei einskilde oppsitjarande i samband med forbruk til vatning og til husbruk. Kraftlaget finn det rimeleg om dei blir pålagd å regulere Furekleivvatn for vassforsyningslaget. Ein viser vedkomande ekspropriasjonsrett i eit slikt høve til § 16 pkt. 3 i reguleringslova."

I den same stortingsproposisjon s. 28 spalte 1 er tatt inn fylgjande uttalelse frå Industridepartementet:
"I post 11 er det bestemmelser om tiltaksskjønn. Flere av de skadekrav som er reist vil mest hensiktsmessig kunne vurderes av et tiltaksskjønn. Dette gjelder blant annet kravet fra Stårheim Vassforsyningslag som bruker Løysingevatn som vannkilde. Reguleringen av dette vannet vil kunne få uheldig virkning for vannforsyningen til Stårheimsdistriktet i det hele. L/L Tussa Kraft har imidlertid uttalt at det finner det rimelig om det blir pålagt å regulere Furekleivvatn for vassforsyningslaget som en kompensasjon for Løysingevatn. Departementet ser dette som et uttrykk for at kraftlaget er villig til å bære utgiftene ved en eventuell regulering av Furekleivvatn i vannforsyningsøyemed. Hvis det blir nødvendig med ekspropriasjonstillatelse bør imidlertid søknad om dette komme fra vassverket og bli behandlet på vanlig måte i administrasjonen."

I den korrespondansen som advokat Eikeset har vist til frå mars og april 1972 mellom oppsitjarane og L/L Tussa Kraft til Stortinget sin industrikomité går det fram at oppsitjarane har kravd tilstrekkeleg med vatn til husholdning, gardsbruk, teknisk bruk, jordvatning til alt dyrka og dyrkbart areal og at vassføringa vert stor nok til at vassdraget held seg reint som før. L/L Tussa Kraft har i sitt skriv satt opp at det ikkje finn det urimeleg "å verte pålagd regulering av Furekleiv-vatnet for å skaffe eit magasin til betring av vasstilhøva i Stårheimselva i turkebolkar. Det går av det same skrivet fram av L/L Tussa Kraft var inne på tanken om å senkje inn en ventil i ein

dam i Løysingevatnet, slik at ein i serlege høve og kan
tappe vatn frå det magasinet.

Retten kan ikkje finne at det nemde materialet gir prov
for at konsesjonen bygg på den bindande føresetnaden at
L/L Tussa Kraft syter for vanleg lavvassføring ved vass-
verket sitt inntak i Stårheimselva.

Retten ser det slik at den skal vurdere spørsmålet om
tiltak fritt innafor dei grense som er fastlagte i vass-
dragsreguleringslova § 16, punkt 3, 2. leden, jfr. § 19,
punkt 1.

Utgangspunktet for retten si vurdering er at dei sakkunnige
er samde om at minstevassføringa i Stårheimselva kan verte
so lita som før nemnd og at inngrepet førar til at dei
saksøkte misser retten til å bøte på det ved regulering av
Løysingevatnet. Spørsmålet for retten er so kva slag
påreknelege verknader eit slikt inngrep kan få for dei
saksøkte.

Retten har fått opplysningar om at elva vert nytta til
drikkevatn for menneske og dyr. Den har vore lite nytta
til jordvatning. Stårheim er ei jordbruksbygd og det er
naudsynt å vurdera om der er påreknelег at det kan verte
større trong i framtida om jordvatning i bygda. Den natur-
lege kjelde for slik vatning vil i tilfellet vere elva.

Tidlegare var det jordbruksvatning mest berre i dei ned-
børsfattigaste distrikta i landet, men den store tekniske
utviklinga, serleg etter siste krig, og betre økonomiske
tilhøve på bygdene, har gjort at vatning av jord er verte
stadig meir vanleg også i bygder med moderate nedbørs-
tilhøve, for å vere budde mot tørkeperiodar som meir og
mindre regelmessig melder seg med vekslande styrke og lengd.
Dette heng saman med kravet til sterkare og meir lønsam
drift av jorda i det heile.

Det at det i Stårheim har vore lite jordvatning til no
kan ein sjå i samanheng med dei noko uvisse tilhøva for
jordbruk med mindre brukseiningar. I eit par tiår har
heimeforproduksjonen, framst grasproduksjonen, hatt ein noko
uviss lagnad avdi ein såg det slik at kraftforet skulle
løyse dei fleste foringsproblem, ikkje minst i mjølkeproduk-
sjonen. Forsøk og forsking både i utland og innland syner

no at grovforet har eit særverd som ein tidlegare ikkje var klar over då kraftfor var lite nytta. Skal ein oppnå god lønsemd i produksjonen må der nyttast store mengder av grasfor i vinterføringa og frå beite. Styremaktene sitt framlegg om stønad til jordbruket, er i samsvar med det som her er nemnd når det gjeld forproduksjonen.

I Sogn og Fjordane fylke er sjølforsyninga av så å seie alle slag grønsaker lita, endå vilkåra for dyrking av slike vokstrar, grove som fine grønsaker, er jamnt gode. Det er knapt nokon del av Eid kommune som er betre stilt enn Stårheim, avdi der er så gode lætilhøve og ein sers gunstig solgang. Jorda er dessutan "varm", men det inneber ofte at jorda er tørkesvak.

Retten finn det sannsynleg at utviklinga i Stårheim vil føre til ein meir intens jordbruksproduksjon.

Etter å ha vurdert opplysningane om nedbørstilhøva og det som ein kan rekne med når det gjeld den relative lufttråme eller luftfuktigheit finn retten det sannsynleg at det i Stårheim vil verte auka trong om jordvatning. Kostnadene med vatningsanlegg og vedlikehaldet av det er ikkje so store at det vil gjere jordvatning ulønsamt. Ein kan etter det noverande prisnivå rekne med ein kostnad på omlag kr. 800,- pr. dekar, avskriving på 15 år. I tillegg kjem vedlikehald og andre driftskostnader. Der er mindre skildnad på kostnaden mellom mindre og større anlegg.

Retten reknar med at ei rotbløyte i 10 effektive timar krev ei vassmengd som svarar til 30 mm nedbørshøgd.

Retten finn at det er sers viktig at dei saksøkte vert sikra den minstevassføring i Stårheimselva som er naudsynt for å sikre den noverande og den påreknelege framtidige trongen om drikkevatn til menneske og dyr og til jordvatning. Retten finn å måtte pålegge I/L Tussa Kraft tiltak til oppfylling av dette føremålet. Tiltaket skal gå ut på at I/L Tussa Kraft syter for ei minstevassføring i tida 1. mai - 15. september på 75 - syttifem - s/l og i tida 16. september til 30. april på 30 - tretti - s/l.

I/L Tussa Kraft sett opp og held vedlike ein vassmålar på vestsida av elva nær overgongen frå innmark til utmarkgrensa. Vassmålaren må verte plassert på ein sikker stad,

slik at den ikkje vert sett ut av drift av dei store flaumane. Den skal kunne registrere dei små vassføringane og det skal vere lett for dei saksøkte å få oversikt over vassføringa til ei kvar tid. Det påligg dei saksøkte å varsle L/L Tussa Kraft når vassføringa ved målestaden er nær eller underskrid den pålagde minstevassføringa.

L/L Tussa Kraft skal til sikring av den pålagde minste-vassføring anten plassere ein ventil i dam i Løysingevatnet, slik at det vert eit magasin på 180 000 m$^3$ som berre kan tappast mot Stårheim eller syte for eit tilsvarande magasin på 180 000 m$^3$ i Furukleiv-vatnet. L/L Tussa Kraft har rett til å velje alternativ, men det alternativ som vert valt skal vere likeverdig for dei saksøkte. Det skal sikre at den pålagde minstevassføring let seg gjennomføre fullt ut. L/L Tussa Kraft kostar og held vedlike det som trengs for gjennomføringa av tiltaket. Kraftselskapet har etter det opplyste ikkje dei rettar som trengs for gjennomføring av alternativet Furukleiv-vatnet. Det må i tilfellet syte for å erverve dei på eigen kostnad.

Tiltaket skal vere gjennomført slik at vass-slippinga kan ta til når Løysingevatnet vert regulert i samsvar med konsesjonen.

Ved fastsettinga av storleiken på minstevassføringa har retten sett det som sannsynleg at det vil verte trong om jordvatning til so mykje som 2000 dekar. Der er komen til at det sannsynlege arealet vil verte noko mindre.

Når det gjeld tiltak for å oppretthalde Stårheimselva som resipient etter at reguleringa av Løysingevatnet har tatt til er det for tida umogleg å fastslå det tilskotet til lavvassføringa som Stårheimselva må ha for at den skal vere tilfredsstillande, særleg i kva omfang ein kan redusere reinsegraden eller heilt sløyfe eit fellingstrinn i eit framtidig reinseanlegg. Dette avheng av kva slags kjeldar som vil kome til forureinsing og kva slags krav som vil verte sett mot forureinsing av elva.

Stårheimselva er som nemnd ei flaumelv med sterkt vekslande vassføringar og med uregulerte minstevassføringar som kan kome under 20 l/s. Tar ein omsyn til dette og til den minstevassføringa som det vil verte i elva etter retten

sitt pålegg om tiltak, kan det vere grunn til tvil om dei saksøkte vil verte påviseleg betre stilte enn dei er no.

Retten finn at skjønn over spørsmålet om erstatning og/eller tiltak må verte utsett når det gjeld elva som resipient, jfr. § 21 i lov om oreigning av fast eigedom av 23. oktober 1959 og § 19, punkt 4 i vassdragsreguleringslova. Skjønnet vert utsett i sjuv år rekna frå reguleringa har tatt til. Når den tida er gått har partane rett til å få spørsmålet vurdert ved nytt skjønn, jfr. § 19 punkt 4, siste setninga i vassdragsreguleringslova.

Det er ein føresetnad at saksøkjaren i samråd med Statens Forurensningstilsyn gjer det som trengs med omsyn til prøver av vatnet, slik at skjønnsretten får grunnlag til å vurdere kravene når tida er kome til det. Arbeidet med vassprøvene bør ta til snarast mogleg og seinast innan 1. juli 1977.

Retten har vurdert om utsetjinga av skjønnet når det gjeld elva som resipient bør føre til at det fastsette tiltaket om minstevassføring bør vere mellombels. Eit skjønn om elva som resipient bør stå fritt med omsyn til eventuelle pålegg om tiltak. Det er ikkje tvilsamt at minstevassføringa er eit av dei tiltaka som verkar inn på elva som resipient. Retten er komen til at det fastsette tiltaket om minstevassføring bør vere mellombels, slik at retten ved eit eventuelt skjønn om elva som resipient får høve til å justere den fastsette minstevassføringa. Retten fastsett at tiltaket om minstevassføring er mellombels. Det skal gjelde i sjuv år frå overføringane har tatt til.

Retten har og vurdert om ei eventuell endring av tiltaket om minstevassføring bør gi høve til justering av den fastsette fallerstatning for Stårheimsvassdraget, kr. 50,-, pr. naturhestekraft. Retten finn at det er naudsynt. Den fastsett difor at dersom det nye skjønnet fastsett ei endring av minstevassføringa har partane rett til å krevje skjønn om høvesvis justering av den fastsette fallerstatning på kr. 50,- pr. naturhestekraft. Det nye skjønnet skal i tilfellet avgjere om og kor mykje det er grunn til å revidere den fastsette fallerstatninga som fylgje av endra tiltak om storleiken på minstevassføringa.

Saksøkte nr. 133, takstnr. 64, Karl Starheim, har ved advokat Bjarte Eikeset lagt ned slik <u>påstand:</u>
"Som erstatning for sagfallet på 4 m tilkjennes Karl Starheim gratis elektrisk kraft som tilsvarer 1000 kwt årleg. Den øvrige del av hans fall erstattes på vanleg måte."

Karl Starheim har opplyst at han har eit sagbruk bygt i 1933/34 som nytta elva som drivkraft fram til ein gong i 1950 åra, då han kobla til nettet til det kommunale kraftverket. Han har frå 1941 hatt vesentleg anna verksemd, men sagbruket vert nytta til leigearbeid i periodene mars - juli. Saksøkte er klår over at det er mest hensiktsmessig å nytte kraft frå det kommunale kraftverket til drift av sagbruket, men når det gjeld kraft til anna maskinelt utstyr hevdar han at det er lønsamt å nytte vasskraft i elva. Han treng vasskraft til drift av avsugingsvifte for sagmask. På grunnlag av det krev han som tiltak ein del av erstatninga i natura. Han krev at I/L Tussa Kraft yter elektrisk kraft tilsvarande 1000 kwt. årleg.

Retten har vurdert om det er grunn til å pålegge L/L Tussa Kraft tiltak som påstått, jfr. § 16, punkt 3 i vassdragsreguleringslova. Retten er komen til at der ikkje er det. Den ser det slik at det vil vere meir lønsamt for saksøkte å nytte elektrisk kraft også til drift av maskinelt utstyr, som til dømes avsugingsvifte. Anleggskostnadene ved å nytte den rå vasskrafta frå elva til drift av avsugingsvifte vil verte etter måten store. Ein reknar og med at det vil føre til driftstekniske vanskar. Retten finn at fallerstatninga basert på omsetnadsverde vil vere høgare enn bruksverdet for saksøkte av vatnet nytta som drivkraft for maskinelt utstyr i sagbruket. Etter dette kan ikkje retten sjå at saksøkte er i ei slik stode at det er grunn til delvis erstatning av inngrepet i fallretten i form av tiltak. Kravet vert difor ikkje tatt til fylgje.

<u>Gjerdekravene:</u>
Der er ikkje framsett krav om gjerdetiltak, men krav om erstatning for at reguleringa vil føre til at vedkomande elv ikkje lenger kan tene som sjøgjerde.

Den oppnemnde sakkunnige, fylkesagronom Knut Herje, har vurdert kravene etter synfaring og har gitt skriftleg

uttalelse til retten. Retten har og etter synfaring vurdert kravene. Den har sett på i kor stor grad elva har vore sjølgjerdande til no og har samanlikna med den forverring som ein må rekne med at den reduserte vassføringa vil føre til. Retten har vurdert trongen som den einskilte eigedom vil få for gjerde langs elva i den tida av året då det er aktuelt å nytte arealene til beite. Ulempene er vurdert opp mot kostnadene med oppsetting og vedlikehald av gjerde. Det er ikkje tilkjent erstatning for oppsetting og vedlikehald av permanent gjerde dersom påførte ulemper ikkje er minst like store. Der ulempene er vurdert som mindre er det fastsett ein erstatning som er meint å gi fullt vederlag for ulempene. For dei takstnr. der det har vore tilfellet har retten funnet at elektrisk gjerde langt på veg vil vere tilstrekkeleg. Den har då fastsett erstatning som er meint å dekke kostnadene med slikt gjerde og har tilkjent eit tillegg basert på at elektrisk gjerde ikkje vil vere fullgodt gjerde i alle høve.

Retten har når det gjeld Stårheimsvassdraget hatt for auge at den har pålagt A/L Tussa Kraft som tiltak å syte for ei viss minstevassføring. Den fastsette minstevassføringa er mellombels og partane har rett til å få den vurdert på nytt når 7 år er gått etter at reguleringa er sett i verk. Retten finn ikkje at ein eventuell endring av den fastsette minstevassføringa kan få så mykje å seie for gjerdespørsmålet langs Stårheimsvassdraget at det gir grunn til å gjere gjerdeerstatningane mellombelse. Dei fastsette gjerdeerstatningane er soleis endelege.

<u>Erstatningsfastsettingane.</u>

Til dei erstatningar som vert fastsette skal det gjerast eit tillegg på 25%, jfr. § 16, nr. 5, 1. leden i vassdragsreguleringslova. Dessutan skal det i tillegg til dei sumane reknast 6½% årleg rente frå forfallstida.

Samtlege fastsette erstatningar forfell til betaling seinast frå det tidspunktet fristen løper ut for gjennomføring av skjønnet etter § 57 i skjønnslova.

Retten har tatt omsyn til § 16, nr. 5 i vassdragsreguleringslova når det gjeld spørsmålet om erstatningane skal vere som eingongs - eller årlege erstatningar. Alle fiskeerstatningane er fastsette som årlege. Dei er mellombelse.

Som før nemnd kan fallerstatningane i Stårheimsvassdraget verte høvesvis justerte ved nytt skjønn. Retten har av den grunn funne det rett at også alle dei, no vert fastsette som årlege. Dersom dei ikkje vert justerte kan årlege fallerstatningar i Stårheimsvassdraget som for den einskilte er under kr. 50.- gjerast om til eingongserstatning ved å multiplisere dei med tjuve.

Der ikkje noke anna er sagt har retten basert erstatningane på bruksverdet som gir den høgste erstatning. Retten har nytta 5% som kapitaliseringsfaktor.

"Åheimsavsnittet."

Takstnr. 1.

Sameiget Kvanndalsvatn S. (medrekna Bjørnalivatnet).

På austsida av vatnet er skogen delt på strekninga Lislje Kvanndalselv til osen.

Med i sameiget er gnr. 55 Almklov: dei saksøkte 109 Knut og Ragnhild Øvreberg (bnr.1), 114 Ingvald og Oddrun Almklov (bnr.2), 113 Haldis og Kari Håberg (bnr.3), 110 Olav Øvreberg (bnr.4), gnr. 56 Almklov: dei saksøkte 112 Kanutte Almklov (bnr.1), 111 Anders Almklov (bnr.2), gnr. 57 Åsen: dei saksøkte 108 Svein Aasen (bnr.1), 107 Alf J. Aasen (bnr.2) og 103 Rolf Aasen(bnr.3). Skogteigane høyrer til dei saksøkte 107, 108 og 103.

Serlege skjønnsføresetnader:

"Alternative skjønnsføresetnader:

a. Søre Kvandalsvatn blir senka 2,0 m frå c. 554 til c. 552.

b. Søre Kvandalsvatn blir oppdemt 2,0 m frå c. 554 til c. 556.
Dette medfører neddemning av ca. 50 da.

Dam i utløpsosen vil dekke maksimalt 0,6 da.
Det blir teke fyllmasse/stein i terrenget til damen.
I anleggstida, 1 sommer, blir det plassert 2 - 3 arbeidsbarakker ved nordenden av vatnet, areal som medgår ca. 1 dekar."

Det vert fastsett slike tiltak og erstatninger:

Alt. a: Senking 2 m.

Tiltak:

Under dette alternativ har advokat Skaare kravt fylgjande

tiltak som er godtatt av L/L Tussa Kraft:
"Ved utløpet av Lislje Kvanndalselv yter L/L Tussa Kraft for tiltak som letter oppgangen for gytefisk."

Tiltaket vert å utføre slik at utløpet til Lislje Kvanndalselv vert samla ved at L/L Tussa Kraft grev ein mindre kanal/ei renne ned til vatnet, jfr. s. 12 i dei fiskerisakkunnige si skriftlege utgreiing 9.9.1976.

Erstatningar:

1. Fisketap — kr. 300,- årleg.
2. Ulemper ved båtsamband mellom dei to vatnene. På grunn av terskelen mellom Kvanndalsvatn S. og Bjørnalivatnet vil det under alternativet senking 2 m verte vanskar med å få båt frå det først nemnde vatnet over til det andre vatnet. I Bjørnalivatnet er det naudsynt med båt for å drive garnfiske.
   Erstatning — kr. 250,- årleg.
3. 0,5 dekar til tunnelinntak — kr. 40,- som eingongserstatning.

Ab. b: Oppdeming 2 m.

1. Retten finn ikkje at der vert påført sameiget fisketap, og det vert difor ikkje tilkjent erstatning — kr. 0,-.
2. Ned - demt areal, omlag 50 dekar. Fylkesagronom Kerje har uttalt om dette arealet:
   "Lite av det arealet som blir neddemt har myrkarakter. Vi finn ein god del blåtopp, finnskjegg, bregner, krekling, blåbærlyng og røsslyng. Det er lite bjønnskjegg, men bra innslag av smyle. Dette siste gjer at beitet, som saubeite, må reknast som godt beite."

   Retten finn at det her stort sett er eit godt beiteområde, men det finns ein del impediment kring somme deler av vatnet

Erstatning | kr. 7.500,- som eingongserstatning.

Oreigninga gjeld rett til å deme opp vatnet, ikkje eigedomsretten.

3. 600 m² grunn til deming | kr. 100,- som eingongserstatning.

4. Bruksrett til grunn til anleggsbarakker, 1 dekar, | kr. 20,- årleg.

5. Sameiget sin del av erstatning for masse til demingsanlegg | kr. 100,- som eingongserstatning.

6. 0,5 dekar til tunellinntak | kr. 40,- som eingongserstatning.

Norges Vassdrag- og Elektrisitetsvesen har ved skriv 6.10.1975 til h.r.advokat H. Brautaset uttalt at det har rekna ut kraftinnvinninga for reguleringsmagasinet Kvanndalsvatn S. til 350 nat.hk. Etter det har dei saksøkte ikkje krav på slik tilleggserstatning som fastsett i § 16 punkt 4 i vassdragsreguleringslova.

Takstnr. 2.

Sameiget Kvanndalsvatn S. - Almklovs innleggsmark.
Med i sameiget er dei same saksøkte som under takstnr. 1.

1. Eventuelt fallerstatning, 294,74 m fall halv elv på nordsida og 227,37 m halv elv på sudsida. kr. 3.273,60 årleg.

2. Eventuelt fiskeerstatning:
   a. Kvanndalsvatn - Slivatnet | kr. 120,- årleg.

   b. Frå og med Slivatnet til Almklovs innleggsmark | kr. 220,- årleg.

Den einskilte sameigar i elv har krav på den erstatning som er høgst, på den eine sida fallerstatning eller på den andre fiskeerstatning og eventuelle andre ulempeerstatningar som han er tilkjent.

Takstnr. 3.

Sameige i fiske for strekninga frå og med Almklov si innleggsmark til grensa mot gnr. 58 Buestøl.

Det er dei same saksøkte som er med i dette takstnr. som i takstnr. 1 og 2.

Dette gjeld ei elvelengd på 2226 m.

Erstatning kr. 175,- årleg.

Takstnr. 4.

Sameige i fallrett mellom gnr. 55, bnr. 1, saksøkte 109 Ragnhild og Knut Øvreberg og gnr. 55, bnr. 4, saksøkte 110 Ola Øvreberg.

1. Eventuell fallerstatning:

| | |
|---|---|
| 67,87 m halv elv | kr. 425,44 |
| 7,57 m halv elv x 1/4 | " 11,85 |
| 1,02 m halv elv | " 6,40 |
| 1,74 m halv elv x 1/4 | " 2,75 |
| Samla fallerstatning | kr. 446,55 årleg. |

2. Eventuell gjerdeerstatning,
   120 m permanent gjerde — kr. 2.400,- som eingongserstatning.

Dette vil omgjort til årleg erstatning vert kr. 120.-.

Takstnr. 5.

Saksøkte nr. 108 Svein Aasen, gnr. 57, bnr. 1.

I. Rettar ved Kvanndalsvatn S. i tillegg til andel i sameiget i og ved vatnet:

Teig 1: Skogteig, lengd 330 m langs vatnet.

Alt. a: senking av vatnet:
Erstatning — kr. 0,-.

Alt. b: oppdemning av vatnet.

1. Tap av bruksrett til skog — kr. 100,- som eingongserstatning
2. Grunn, 100 m² til demning — kr. 10,- som eingongserstatning.
3. Del av grunn til masseuttak — kr. 100,- som eingongserstatning

II. Sær-rettar i og ved elva mot Åheim:

Teig 1: Skogteig på nordsida av elva, lengd ca. 100 m.

Det er ikkje sett fram krav
om erstatning her. Kr. 0,-.

Teig 2: a) Eventuell fallerstatning
for halv elvebreidd nord-
sida, fallhøgd 5,04 m og
for halv elvebreidd sud-
sida, fallhøgd 2,75 m Kr. 48,85 årleg.

b) Eventuell gjerdeerstat-
ning i 139 m lengd, sør-
side av elva, permanent
gjerde Kr. 2.780,-.som
eingongserstatning.

Dette vil omgjort til årleg erstatning verte kr.
139,-.

Saksøkte har når det gjeld elv andel i takstnr. 2 og 3.

Etter det retten kan se er det andelen i sumen av fall
erstatningane på takstnr. 2 og fallerstatninga på takst 5
som vil gi saksøkte nr. 108 høgst erstatning og som då skal
nyttast.

Saksøkte har del i takstnr. 1 som kjem i tillegg og dess-
utan skal han ha erstatning etter I alt. b takstnr. 5
dersom det alternativet vert valt.

Takstnr. 6.

Saksøkte nr. 111 Ander Alrklov, gnr. 56, bnr. 4.

I. Rettar ved Kvanndalsvatn S. i tillegg til del i sameiget
i og ved vatnet:

Alt. a: Senking av vatnet:

1. Ulemper for hytte og naust.
Saksøkte har hytte ved vatnet
nær utløpsosen. Den er byggt
i 1950, grunnflate 20 $m^2$,
høgde er 4 m opp til mønet.
Taket er bølgeblekk, muren
er av gråstein. Kjellaren i
hytta tener som naust. Dessutan
har han nær hytta eit gamalt
naust, grunnflate 1,70 m.x 3,50 m,
gråsteins vegger og bølgeblekktak.
Saksøkte har uttalt at han har

trong om naust for 2 båtar. Føremålet med hytta er å nytte den i samband med fiske.

Retten ser det slik at ved alternativet senking av vatnet vil hytta og naust få redusert verde med den plasseringa som dei har no. Desse byggene vert ståande ugunstig til når det gjeld fiske.

Erstatninga bygg på at hytta vert ståande der den no er plassert og at det vert bygt nytt naust ved Bjørnalidvatnet.

Erstatning — Kr. 5.000,- som eingongserstatning

2. Erstatning for ulemper ved forlenga båtopptrekk - 2 båtar. — Kr. 1.000,- som eingongserstatning.

Alt. b: Oppdemning av Vatnet:

Skjønnsforesetnad:

"Saksøkte nr. 111, Anders Almklov, har 1 naust og eit naust med hytte over ved nordenden av Søre Kvandalsvatn. Under alt. b. ovafor må begge bygningane flyttast høgre opp frå terrenget, og retten fastset erstatning for det."

1. Erstatning for flytting av hytte og naust 2 m opp i terrenget — kr. 10.000,- som eingongserstatning.

2. Erstatning for ulemper ved forlenga båtopptrekk - - 2 båtar  kr. 1.000,- som eingongserstatning.

II. Sær-rettar i og ved elva mot Åheim:

Teig 1:

a) Eventuell fallerstatning, 25,80 m fall  kr. 161,75 årleg.

b) Eventuell gjerdeerstatning, permanent gjerde, 470 m lengd  kr. 9.400,- i eingongserstatning.

Omgjort til årleg ersatning vert det kr. 470,-.

Teig 2:

a) Eventuell fallerstatning, 6,95 m fall  kr. 13,60 årleg.

Det er ikkje framsett gjerdekrav for teigen.

Teig 3:

a) Eventuell fallerstatning, 16,35 m halv elv x 3/4  kr. 76,90 årleg.

Der er ikkje gjerdekrav for teigen.

Saksøkte har når det gjeld elv del i takstnr. 2, 3 og 8b.
Etter det retten kan sjå er det sumen av saksøkte sin del av fallerstatninga til takstnr. 2 og 8b og fallerstatningane til takstnr. 6 som vil gi høgst erstatning og som skal leggjast til grunn når det gjeld elv.

Saksøkte har og del i takstnr. 1 som kjem i tillegg og dessutan skal han ha erstatning etter I i takstnr. 6, anten etter alt. a eller b.

Takstnr. 7.

Saksøkte nr. 113 Haldis Kari Håberg, gnr. 55, bnr. 3.

Saksøkte har ein teig på sudsida av elva, lengd 116 m.

Eventuell fallerstatning, fall 7, 04 m halv elv x 1/4  kr. 11,05 årleg.

Saksøkte har når det gjeld elv del i sameiget takst 2 og 3.
Etter det retten kan sjå vil del i fallerstatninga frå takst 2 og fallerstatninga på takst 7 gi høgst erstatning. Det er difor fallerstatninga som skal leggjast til grunn.
Saksøkte har og del i takstnr. 1.

Takstnr. 8.

Saksøkte nr. 112 Kanutte Almklov, gnr. 56, bnr. 1.

Saksøkte har 2 teigar til elva, ein på sudsida i 340 m lengd og ein på nordsida i 250 m lengd.

1. Eventuell fallerstatning for 2 teigar, samla fallhøgd 7,47 m — kr. 46,85 årleg.

2. Eventuell gjerdeerstatning langs teigen på sudsida i 340 m lengd, permanent gjerde — kr. 6.800,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning vil gjerdeerstatninga verte kr. 340,-.

Saksøkte har når det gjeld elv del i takstnr. 2,3 og 8b. Hennar del av fallerstatninga til takstnr. 2 og 8b og fallerstatninga til takstnr. 8 vil samanlagt verte mindre enn dei andre erstatningane. Etter det retten kan sjå skal saksøkte difor ha utbetalt del av fiskeerstatning etter takst 2 og 3 og gjerde-erstatning etter takst 8, sist nemnde erstatning som eingongserstatning. Ho skal dessutan ha utbetalt sin del av erstatninga til takst 1.

Takstnr. 8b. Felles kvernrett for saksøkte nr. 109 Ragnhild og Knut Øvreberg, gnr. 55, bnr. 1, saksøkte nr. 110, Ola Øvreberg, gnr. 55, bnr. 4, saksøkte nr. 111 Anders Almklov, gnr. 56, bnr. 2, og saksøkte nr. 112 Kanutte Almklov, gnr. 56, bnr. 1.

Dette gjeld ein teig på nordsida av elva på 21 m lengd. Retten forstår det slik at dei saksøkte eig fallet, fallhøgd halv elv 3,23 m, med 1/4 på kvart bruk.

Eventuell fallerstatning samla — kr. 20,25 årleg.

Takstnr. 9.

Saksøkte nr. 114 Oddrun og Ingvald Almklov, gnr. 55, bnr. 2.

Saksøkte har ein teig på sudsida av elva, lengd 385 m.

1. Eventuell fallerstatning, fallhøgd 17,41 m — kr. 109,15 årleg.
2. Eventuell gjerdeerstatning, lengd 345 m, permanent gjerde — kr. 6.900,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning vil gjerde-erstatninga verte kr. 345,-.

Når det gjeld elv har saksøkte del i takstnr. 2 og 3.

Etter det retten kan sjå vil saksøkte sin del av fiskeerstatninga til takstnr. 2 og 3 og gjerdeerstatninga til takstnr. 9 verte høgare enn det saksøkte har krav på når det gjeld fall. Saksøkte skal difor ha fiskeerstatning og gjerdeerstatning, sist nemnde som eingongserstatning.

Saksøkte har del i takstnr. 1.

Takstnr. 10.

Saksøkte nr. 110 Olav Øvreberg, gnr. 55, bnr. 4.

Saksøkte har ein teig på nordsida av elva, lengd 147 m.

Eventuell fallerstatning, fallhøgd 4,22 m kr. 26,45 årleg.

Det er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Når det gjeld elv har saksøkte del i takstnr. 2, 3, 4 og 8b.

Fallerstatning som han har krav på vil gi høgst erstatning, og det er difor det han har krav på.

Saksøkte har og del i takstnr. 1.

Takstnr. 11.

Saksøkte nr. 109 Ragnhild og Knut Øverberg, gnr. 55, bnr. 1.

Saksøkte har ein teig på nordsida av elva, lengd 185 m.

1. Eventuell fallerstatning, fallhøgd 9,33 m — kr. 58,50 årleg.

Der er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Saksøkte har når det gjeld elv del i takstnr. 2, 3, 4 og 8b.

Det er fallerstatningane som vil gi høgst erstatning for dei

saksøkte og som difor skal utbetalast til dei.
Dei saksøkte har og del i takstnr. 1.

Takstnr. 12.

Saksøkte nr. 103 Rolf Aasen, gnr. 57, bnr. 3.

I. Rettar ved Kvarndalsvatn S. i tillegg til del i sameiget i og ved vatnet:

Alt. a: Senking av vatnet:

1. Ulemper for hytte og naust.

Saksøkte har ei hytte eit stykke opp frå vatnet i nordenden av det. Hytta har ei grunnflate på 3 m x 4 m. Den står på mur og har papptak. Han har dessutan eit naust ved vatnet nedanfor hytta. Naustet er 5 m x 2,5 m. Det er 2 m høgt, skråtak med bølgeblekk, gråsteinsmur til veggar.
Ved senking av vatnet 2 m vil hytta og naustet verte redusert i verde slik dei er plasserte idag, jfr. det som er uttalt når det gjeld takstnr. 6 Ander Almklov der tilhøva er tilsvarande.
Retten fastsett erstatninga på det grunnlag at hytta vert ståande og at det vart bygget nytt naust ved Bjørnalidvatnet — kr. 5.000,- som eingongserstatning.

2. Erstatning for ulemper ved forlenga båtopptrekk, ein båt — kr. 500,- som eingongserstatning.

Alt. b: Oppdeming av vatnet:
Skjønnsføresetnad:

"Saksøkte nr. 103, Rolf Aasen, har naust ved Søre Kvandalsvatn. Under alt. b ovanfor må fastsettast erstatning for flytting av naustet."

| | |
|---|---|
| 1. Erstatning for flytting av naustet 2 m opp i terrenget, ca. 80 - 90 m frå der naustet står no | kr. 1.800,- som eingongserstatning. |
| 2. Ulemper ved forlenga båtopptrekk, ein båt | kr. 500,- som eingongserstatning. |
| 3. Tap av bruksrett til skog, 30 m omlag langs vatnet | kr. 10,- som eingongserstatning. |
| 4. Tap av 300 m$^2$ bruksrett til skog, til demning | kr. 10,- i eingongserstatning. |
| 5. Del av erstatning for grunn til anleggsbarakker, 1 dekar skog-grunn | kr. 10,- årleg. |

II. Sær-rettar i og ved elva mot Åheim:

Teig 1: Denne er på nordsida av elva, 349 m lengd.

| | |
|---|---|
| Eventuell fallerstatning, fallhøgd 28,09 m | kr. 176,10 årleg. |

Det er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Teig 2: Denne er på sudsida av elva, 337 m lengd.

| | |
|---|---|
| 1. Eventuell fallerstatning, fallhøgd 27,81 m | kr. 174,35 årleg. |
| 2. Gjerdeerstatning, lengd 185 m, permanent gjerde | kr. 3.700,- som eingongserstatning |

Omgjort til årleg erstatning vert det kr. 185,-.

Teig 3: Dette er ein trekant på nordsida av elva, lengd 194 m.

Eventuell fallerstatning, fallhøgd 3,83 m — kr. 24,- årleg.

Der er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Saksøkte har når det gjeld elv del i takstnr. 2, 3 og 14. Dei fallerstatningane som han har krav på vil gi høgst erstatning, og det er soleis dei han skal ha utbetalt. I tillegg skal han ha del i takstnr. 1 og dessutan erstatningane etter I i takstnr. 12, anten etter alt. a eller b.

Takstnr. 13.

Saksøkte nr. 107 Alf J. Aasen, gnr. 57, bnr. 2.

I. Rettar ved Kvanndalsvatn S. i tillegg til del i sameiget i og ved vatnet:

Alt. a: Senking av vatnet:
Saksøkte har bruksrett til ein skogteig, 520 m langs vantnet.
Det er ikkje påstått erstatning for den under dette alternativ, og det er heller ikkje grunnlag for det. — Kr. 0,-.

Alt. b: Oppdemming av vatnet 2 m.
Erstatning for bruksrett til skog, teig 520 m langs vatnet — kr. 150,- som eingongserstatning.

II. Sær-rettar i og ved elva mot Åheim:

Teig 1: Nordsida av elva, lengd 84 m.
Eventuell fallerstatning, fallhøgd, 1,58 m — kr. 9,90 årleg.
Der er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Teig 2: Sudsida av elva, lengd 195 m.
Eventuell fallerstatning, fallhøgd, 4,26 m — kr. 26,70 årleg.

Der er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Teig 3: Nordsida av elva, lengd 142 m.
Eventuell fallerstatning, fallhøgd 1,13 m — kr. 7,10 årleg.

Der er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Saksøkte har når det gjeld elv del i takstnr. 2, 3 og 14.
Dei fallerstatningane som han har krav på vil gi høgst
erstatning, og det er dei han skal ha utbetalt. I tillegg
skal han ha del i takstnr. 1 og dessutan erstatning etter
I alt. b i takstnr. 13,

Takstnr. 14.

Sameige i fiske på garden Duestøl, gnr. 58 - dei saksøkte nr. 105 Amund Duestøl (bnr. 1), nr. 106 Ivar Duestøl (bnr. 2), nr. 107 Alf Aasen nr. 103 Rolf Aasen (gnr. 57, bnr. 3) og nr. 107 Alf Aasen (gnr. 57, bnr. 2).

Erstatning for fisketap — kr. 20,- årleg.

Takstnr. 15.

Saksøkte nr. 105 Amund Duestøl, gnr. 58, bnr. 1.

Teig 1: Sudsida av elva, lengd 214 m.

1. Eventuell fallerstatning, fallhøgd, 1,92 m — kr. 12,05 årleg.
2. Gjerdeerstatning, lengd 214 m, permanent gjerde — kr. 4.280,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 214,-.

Teig 2: Nordsida av elva, lengd 125 m.
Eventuell fallerstatning, fallhøgd 21,10 m — kr. 132,30 årleg.

Der er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Saksøkte har del i takstnr. 14.
Det er gjerdeerstatning og fiskeerstatning som vert høgst
for han, og som han skal ha utbetalt.

Takstnr. 16.

Saksøkte nr. 106 Ivar Drestøl, gnr. 58, bnr. 2.

Saksøkte har ein teig på sudsida av elva, lengd 141 m.

Fallerstatning, fallhøgd, 12,99 m kr. 81,45 årleg.

Det er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Saksøkte har del i takst nr. 14.
Det er fallerstatninga som vil gi saksøkte høgst erstatning og som han difor skal ha.

Takstnr. 17.

Saksøkte nr. 102 Ola Sande, gnr. 54, brr. 1.
Saksøkte har ein teig på nordsida av elva, lengd 81 m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 13,08 m kr. 82,- årleg.
2. Fiskeerstatning kr. 4,- årleg.

Det er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning.

Fallerstatninga er høgst og det er soleis den saksøkte har krav på.

Takstnr. 18.

Saksøkte nr. 104 Lars Flo, gnr. 59, bnr. 1.
Saksøkte har ein teig på sudsida av elva, lengd 238 m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 28,20 m kr. 176,80 årleg.
2. Fiskeerstatning kr. 8,- årleg.

Saksøkte har ikkje krav på gjerdeerstatning. Han har ikkje krav på erstatning for tap av kvenn-vatn i tillegg til fallerstatninga.

Fallerstatninga er høgst, og det er den som skal utbetalast til saksøkte.

Takstnr. 19.

Saksøkte nr. 99 Johan O. Hellebust, gnr. 61, bnr. 3.

Teig 1: Sudsida av elva, lengd 759 m.
a) Fallerstatning, fallhøgd 17,73 m kr. 111,15 årleg.
b) Gjerdeerstatning for halvparten av lengda på teigen. Det er lagt til grunn elektrisk gjerde med eit

tillegg kr. 1.800,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 90,- for gjerde.

Teig 2: Nordsida av elva, lengd 94 m.
1. Fallerstatning, fallhøgd 0,06 m — kr. 0,40 årleg.
2. Gjerdeerstatning for ei lengd på 94 m, elektrisk gjerde med tillegg — kr. 830,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning for gjerde kr. 41,50.

Teig 3: Sudsida av elva, lengd 140 m.
a) Fallerstatning, fallhøgd 0,80 m — kr. 5,- årleg.
b) Gjerdeerstatning.

Samla fiskeerstatning for alle tre teigane kr. 26,- årleg.

Omgjort til eingongserstatning kr. 440,- for fiske.

Saksøkte har krav på å få utbetalt gjerdeerstatningane og fiskeerstatninga. Han har ikkje krav på fallerstatning.

Takstnr. 20.

Saksøkte nr. 98 Sigurd Hellebust, gnr. 53, bnr. 1.

Saksøkte har 4 teigar på nordsida av elva og 2 teigar på sudsida av elva. ( lengder 252 m , 347 m, 55 m, 152 m, 104 m og 208 m)

1. Samla fallerstatning:
Fallhøgdar: 15,03 m + 2,45 m, + 0,51 m + 0,19 m + 0,01 m + 1,01 m (holme i elva med hovudlop på sudsida), alt i halv elv, samla 19,20 m — kr. 120,40 årleg.

2: Samla fiskeerstatning på 6 teigar — kr. 33,- årleg.

3. Gjerdeerstatning rekna i ei lengd på 500 m elektrisk gjerde. — kr. 2.800,- som eingongserstatning.

Gjerdeerstatning omgjort til årleg erstatning kr. 140,-.

Saksøkte har rett på fiske- og gjerde-erstatning, ikkje fallerstatning. Han har krav på eingongserstatning for gjerde.

Takstnr. 21.

Saksøkte nr. 97 Knut Martin Hellebust, gnr. 53, bnr. 2.

Saksøkte er eigar av 5 teigar på nordsida av elva (lengder 366 m, 156 m, 80 m, 224 m og 104 m).

1. Samla fallerstatning:
   Fallhøgder: 6,05 m + 0,51 m + 0,35 m
   + 0,06 m + 0,02 m,
   samla 6,99 m — kr. 877,- som eingongserstatning.

2. Samla fiskeerstatning for 5 teigar — kr. 32,- årleg.

3. Samla gjerdeerstatning for 5 teigar, elektrisk gjerde — kr. 2.700,- som eingongserstatning.

Det er fiske- og gjerde- erstatninga som saksøkte har krav på.

Takstnr. 22.

Saksøkte nr. 101 Kåre Hellebust, gnr. 61, bnr. 1.

Saksøkte har 2 teigar på sudsida av elva og 1 teig på den same sida av elva der han berre har rett på skogen. Det er ikkje sett fram krav om erstatning når det gjeld skogteigen.

Dessutan har han ein teig på nordsida av elva.

Lengda på dei teigane som det er framsett erstatningskrav for er 225 m, 446 m og 604 m.

1. Fallerstatning samla for 3 teigar, 0,25 m + 0,41 m + 0,71 m, samla 1,37 m — kr. 172,- som eingongserstatning.

2. Samla fiske-erstatning for 3 teigar — kr. 40,- årleg.

3. Samla gjerdeerstatning, rekna i ei lengd på 1000 m elektrisk gjerde — kr. 4.500,- som eingongserstatning.

Saksøkte har krav på fiskeerstatning og gjerdeerstatning. Han har del i takstnr. 24.

Takstnr. 23.

Saksøkte nr. 100 Gerhard Steinberg, gnr. 61, bnr. 2.

Saksøkte har ein teig på sudsida av elva, lengd 161 m.

1. Fallerstatning, 0,10 m — kr. 13,- som eingongserstatning.
2. Fiskeerstatning — kr. 3.- årleg.
3. Gjerdeerstatning for ei lengd på 161 m, elektrisk gjerde — kr. 1.360,- som eingongserstatning.

Saksøkte har krav på fiske- og gjerde- erstatning. Saksøkte har og krav på del av gjerde- og fiske- erstatning til takstnr. 24.

Takstnr. 24.

Sameige i beite og grunn mellom saksøkte nr. 99 Johan Olsen Hellebust og saksøkte nr. 100 Gerhard Steinberg, nr. 101 Kåre Hellebust, lengd 115 m ned til grensa mot garden Rusten.

1. Fallerstatning, fallhøgd 0,05 m — kr. 7,- som eingongserstatning.
2. Fiskeerstatning — kr. 5,- årleg.
3. Gjerdeerstatning i ei lengd 115 m, elektrisk gjerde — kr. 900,- som eingongserstatning.

Takstnr. 25.

Sameige i fiske frå garden Hellebust grense mot garden Rusten til Gusdalsvatnet.

Med i sameiget er gnr. 52 Rusten – saksøkte nr. 96 Olav Rusten, gnr. 50 Berge – dei saksøkte nr. 94 Helga Berge og 95 Gunnvald Berge –, gnr. 49 Gusdal – dei saksøkte nr. 90 Johan Gusdal, 91 Arne Gusdal, 92 Per Gusdal, 93 Aslaug Gusdal –, gnr. 63 Sætrenes – dei saksøkte nr. 123 Per Sætrenes og 124 Kjell Nygård –, gnr. 62 Åhaug – dei saksøkte

nr. 124b Ernst Libeck, 124c Hildur Birkelid, Alma Midtgjerd og Olav Birkelid -.

Lengda på teigen er ca. 1642 m på sudsida av elva og ca. 1573 m på nordsida av den.

Samla fiskeerstatning kr. 1.040,- årleg.

Takstnr. 26.

Saksøkte nr. 96 Olav Rusten, gnr. 52, bnr. 1.

Saksøkte har einerett til fallverdet på 2 teigar, ein teig på nordsida av elva i lengd 920 m og ein teig på sudsida av elva i lengd 808 m.

Samla fallerstatning, fallhøgd på nordsida 33,99 m og på sudsida 31,71 m kr. 411,95 årleg.

Saksøkte har del i takstnr. 25 og 27.

Etter det retten kan sjå er det dei fallerstatningane som saksøkte har krav på som vil gi han høgst erstatning.

Saksøkte har ikkje krav på gjerdeerstatning.

Takstnr. 27.

Sameige i fallrett på nordsida av elva frå saksøkte nr. 96 Olav Rusten sin sereigedom til eigedomen til saksøkte nr. 92 Per Gusdal. Dette gjeld felles utmark.

Med i sameiget er gnr. 52 - saksøkte nr. 96 Olav Rusten - gnr. 50 - dei saksøkte nr. 94 Helga Berge og nr. 95 Gunnvald Berge - gnr. 49 - dei saksøkte nr. 90 Johan Gusdal, nr. 91 Arne Gusdal, nr. 92 Per Gusdal og 93 Aslaug Gusdal-.

Fallerstatning, fallhøgd 23,37 m kr. 146,55 årleg.

Takstnr. 28.

Saksøkte nr. 92 Per Gusdal, gnr. 49, bnr. 2.

Saksøkte har ein teig på nordsida av elva i ei lengd på 420 m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 4,25 m kr. 533,- som eingongserstatning.
2. Gjerdeerstatning i ei lengd på 275 m, elektrisk gjerde kr. 1.460,- som eingongserstatning.

Saksøkte har del i takstnr. 25, 27 og 34. Etter det retten kan sjå er det fiske- og gjerde- erstatningane som vil gi saksøkte høgst erstatning, og som han har krav på.

Takstnr. 29.

Saksøkte nr. 91 Arne Gusdal, gnr. 49, bnr. 1.

Saksøkte har ein teig på nordsida av elva, lengd 220 m.

Fallerstatning, fallhøgd 1,05 m — kr. 132,- som eingongserstatning.

Det er ikkje grunnlag for gjerdeerstaning.

Saksøkte har del i takstnr. 25, 27 og 34. Det er fiskeerstatningane som vil gi han høgst erstatning og som han difor har krav på.

Takstnr. 30.

Saksøkte nr. 90 Johan Gusdal, gnr. 49, bnr. 4.

Saksøkte har ein teig på nordsida av elva, lengd 29 m.

Fallerstatning, fallhøgd 0,02 m — kr. 3,- som eingongserstatning.

Saksøkte har del i takstnr. 25, 27 og 34.
Det er fiskeerstatningane som han har krav på etter det retten kan sjå.

Takstnr. 31.

Omtvista fallrett på sudsida av elva på strekninga frå eigedomen til saksøkte nr. 96 Olav Rusten til Gusdalsvatnet.

Tvisten gjeld om fallretten er i sameige eller om den er delt. Dei som er med i tvisten er:
Saksøkte nr. 123 Per Sætrenes, nr. 124 Kjell Nygård, nr. 124b Ernst Libeck, nr. 124c Hildur Birkelid, Alma Midtgjeld og Olav Birkelid.

Alt. I: Fallretten er i sameige,
fallhøgd 30,96 m — kr. 194,10 årleg.

Alt.II: Fallretten er delt:
1. Sakøkte nr. 123 Per Sætrenes
gnr. 63, bnr. 1.
Han har ein teig på 1208 m
lengde , fallhøgd 14,89 m.

Erstatning kr. 93,35 årleg.

2. Saksøkte nr. 124b Ernst Lübeck, gnr. 62, bnr. 1: Han har ein teig på 434 m lengd, fallhøgd 16,07 m.
Erstatning kr. 100,75 årleg.

L/L Tussa Kraft må deponere ein årleg erstatning på kr. 194,10.

Dei saksøkte har del i takstnr. 25. Dersom deira del i fiskeerstatning til takstnr. 25 er høgare enn det dei kan oppnå i fallerstatning etter takstnr. 31 vil avgjerd om fallretten ikkje ha interesse for skjønnet. Dei saksøkte har berre krav på fallerstatning dersom den er høgst. Dei har difor krav på å få utbetalt sin del av fiskeerstatninga utan at ein treng vente på avgjer om fallretten. For saksøkte nr. 123 Per Sætrenes kjem og gjerdeerstatninga inn, jfr. takstnr. 31b.

## Takstnr. 31b.

Saksøkte Per Sætrenes, gnr. 63, bnr. 1.

Han har sett fram krav om gjerdeerstatning for teig på sudsida av elva.

Erstatning for gjerdehald i ei lengd på 315 m, elektrisk gjerde kr. 1.600,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning vert det for gjerdehald kr. 80,-.

## Takstnr. 32.

Saksøkte nr. 124 Kjell Nygård, 124c Hildur Birkelid, Alma Midtgjerld og Olav Birkelid og av nr. 124 d Agnes Viken.

Dette takstnr. gjeld krav om at L/L Tussa Kraft pålegges tiltak for å lette oppgangen av fisk frå Gusdalsvatnet til Åheimselva.

Kravet er godtatt av L/L Tussa Kraft som eit eingongstiltak utan plikt til vedlikehald.

Retten har lagt dette til grunn, jfr. det som er nemnd framanfor i skjønnet i avsnittet om tiltakskrava.

Takstnr. 33.

Saksøkte nr. 124 Kjell Nygård og 124c Hildur Birkelid, Alma Midtgjeld og Olav Birkelid.

Takstnummeret gjeld krav om at L/L Tussa Kraft pålegges tiltak for å lette oppgangen av fisk frå Gusdalsvatnet til Sunndalselva.

Det gjelder det same for dette takstnr. som for takstnr. 32 og retten viser til det som er skrevi der.

Takstnr. 34.

Sameige i Gusdalsvatnet frå elvetil-løpene til på sudsida mot gnr. 71 Thue og gnr. 70 Kriken og på nordsida gnr. 46 Åhjem, gnr. 47 Årøy, gnr. 48 Løvold, gnr. 50 Berget, gnr. 52 Rusten.

Med i sameiget er dei saksøkte 124b Ernst Libeck, 124c Hildur Birkelid, Alma Midtgjeld og Olav Birkelid, dei saksøkte nr. 123 Per Sætrenes, 124 Kjell Nygård, dei saksøkte nr. 90 Johan Gusdal, 91 Arne Gusdal, 93 Aslaug Gusdal, nr. 124d Agnes Viken, 94 Helga Berge, 95 Gunnvald Berge og 96 Olav Rusten.

Erstatning for fisketap kr. 680,- årleg.

Takstnr. 35.

Takstnr. 35. Sameige i fiske frå grense i Gusdalsvatnet mot gnr. 49 Gusdal og gnr. 63 Sætrenes og til sjøen.

Med i dette sameiget er gnr. 46 Aahjem - dei saksøkte 67 Anny Fagerlund Grodås, 68 Rasmus Storeide, 69 Anders Grubse, 70 Peder A. Lefdal, 71 Oskar Osnes, 72 Kåre A. Lefdal, 73 Olav Kroken, 74 Mathias P. Torvik, 75 Per og Ingvard Åhjem, 76 Per og Anne Åhjem, 77 Torbjørn og Malfrid Branden, 78 Ole Frihagen, gnr. 47 Aarøy-dei saksøkte 79 Jørgen L Aarø, 80 Ole Aarø, Håkon L. Endal, gnr. 48 Løvold - dei saksøkte nr. 83 Adolf Tue, 84 Aslaug Halse, 85 Rasmus H. Løvold, 86 Andreas Breiteig, 87 Volstrøm og Andrine Olsen, 88 Hans A. Løvold, 89 Ingvald Berget, gnr. 70 Kriken - dei saksøkte 82 Ivar H. Kriken, 116 Anders Åheims dødsbo ved Finn Åheim, 117 Gustav Kriken, gnr. 71 Thue - dei saksøkte 118 Gunnar Berg, 119 Elisabeth Larsen Thue, 120 Johan M. Berget, 121 Sverre S. Holmen. Dessutan saksøkte 122 - Anton og Ivar M. Thue, Ingvald og Olga Berget, Oddbjørn M. Eide, Ole O. Thue, Asbjørn Thue, Andreas Teigen, --

Agnes Viken, Magnhild Bruland m.fl. ved Magnhild Bruland, Samuel P. Thues bu ved Ragna Hellebust, Ivar Berget, Sigurd M. Åhjem, Erling Westerås, Gerhard Holvik, Ingrid og Ivar Løvold. I tillegg til desse kjem Anton J. Kriken, Åheim, som ikkje er saksøkt.

Erstatning for fisketap, samla kr. 6.880,- årleg.

Takstnr. 36.

Omtvista fallrettar frå Gusdalsvatnet til sjøen.

Med i takstnummeret er dei same saksøkte som i takstnr. 35 med unntak av saksøkte nr. 74 Mathias P. Torvik.

Tvisten mellom dei saksøkte gjeld spørsmålet om fallretten er i sameige mellom dei eller om den er delt, slik at den høyrer til teigeigarane.

Samla fallerstatning for begge sider av elva, fallhøgd 51,30 m kr. 543,30 årleg.

Erstatninga vert å deponere.

Retten reknar med at det er fiskeerstatninga som er høgst for dei fleste av sameigarane og dei har difor krav på å få den utbetalt.

For saksøkte 121 Sverre S. Holmen og nr. 86 Andreas Breiteig kjem og gjerdeerstatninga inn, jfr. takstnr. 37 og 37b.

Takstnr. 37.

Saksøkte nr. 121 Sverre S. Holmen, gnr. 71, bnr. 2.

Han har ein teig på sudsida av elva, lengd 575 m.

Han har kravt gjerdeerstatning.

Erstatning for gjerde i ei lengd langs elva på 433 m, elektrisk gjerde kr. 2.000,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 100,-.

Takstnr. 37b.

Saksøkte nr. 86 Andreas Breiteig, gnr. 48, bnr. 4.

Han har ein teig på nordsida av elva, der han krev gjerde.

Erstatning for gjerde i ei lengd på 170 m langs elva, elektrisk gjerde kr. 1.100,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning vert det kr. 55,-.

Stårheimsavsnittet i Eid.

Takstnr. 38.

Sameige frå Strengmerket, austsida av Stårheimselva og Løysingevatnet til midtlina fram til fylkesgrensa mot Møre og Romsdal.

Med i sameiget er gnr. 80 Starheimsæter - dei saksøkte nr. 137 Svein Knutsen -, 138 Asle Brattholmen ved verje Nottung Brattholmen, og Ketil Osen ved verje Olav Osen, 139 Steinar O. Starheimsæter og 140 Ole Starheimsæter -, gnr. 81 Åre - dei saksøkte under 155 Olga Årdal, Gunnvald og Klara Havsås -, gnr. 82 Rygg - saksøkte 128 Sigurd Bødal -, gnr. 83 Stårheim - dei saksøkte 125 Dag Kristian Starheim, 127 Hans R. Starheim, 129 Reidar Starheim, 130 Emil Starheim, 131 Berge og Johan Leite, 132 Olav S. Starheim, 133 Karl K. Starheim, 134 Målfrid og Ingvard Heien, 135 Johannes Starheim, 136 Petra og Arthur Bakke, og Sverre Kjerpeseth under saksøkte nr. 155.

I. Rettar i og ved Løysingevatnet:
Skjønnsføresetnader:
"Alternativ: a) Vatnet blir oppdemt 2,0 m frå c 678,5 til c 680,5 m.
b) Vatnet blir senka 2,0 m frå c 678,5 til c 676,5."

L/L Tussa Kraft syter for gangveg over demminga.

Det vert ikkje oreigna grunn til tilkomstveg til vatnet.

Erstatning etter alternativ a) oppdeming:

1. Fisketap. Retten kan ikkje sjå at det vert påført tap under dette alternativ.
2. Ulempe-erstatning for ned-demt areal, ca. 10 dekar — kr. 800,- som eingongserstatning.

Beitearealet som kan nyttast er av bra kvalitet. Der er eit heller stort innslag av impediment som ur og hammar.
Grunnen vert ikkje oreigna til eigedom.

| | | |
|---|---|---|
| 3. | Grunn til demning, 250 $m^2$ | kr. 20,- som eingongserstatning. |
| 4. | Stein til demning | kr. 100,- som eingongserstatning. |
| 5. | Tunnellinntak, omlag 500$m^2$ | kr. 20,- som eingongserstatning. |

Erstatning etter alternativ b) senking:

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Fisketap | kr. 50,- årleg. |
| 2. | Tunnellinntak, omlag 500$m^2$ | kr. 20,- som eingongserstatning. |

Ved skriv 6.10.1975 til h.r.advokat E. Brautaset går det fram at Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen har rekna ut kraftinnvinninga for Løysingevatnet til 300 nat.hk. Denne utrekninga er fasthelde i skriv 27.9.1976 til h.r.advokaten.

Det er ikkje grunnlag for tilleggserstatning etter vassdragsreguleringslova § 16 nr. 4.

II. Rettar i elva:

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Fallerstatning, fallhøgd 449,62m | kr. 787,- årleg. |
| 2. | Fiske-erstatning | kr. 20,- årleg. |

3. Der er ikkje grunnlag for gjerdeerstatning. Elva var ikkje sjølgjerande før.

Takstnr. 39.

Vestsida av Stårheimselva frå Svartegrova til Løysingevatnet og vidare vestsida av vatnet rekna til midtlinu av det og fram til fylkesgrensa mot Møre og Romsdal.

Det er usemje om rettane, og erstatningane må difor deponerast. Dei som tvisten gjeld er dei same saksøkte som i takstnr. 38 og dessutan gnr. 75 Rafshol - dei saksøkte 153 Johan O. Rafshol og Gullborg Åsen (154)-, gnr. 176 Stårheimsvik - dei saksøkte nr. 152 Johanne Stårheimsvik, 142 Anna Yri, Leif og Klara Øien og Anna Halvorsen (154)-, gnr. 77 - dei saksøkte 143 Per Askeland, nr. 144 Kristian Slettevold og nr. 151 Ludvik Isane-, gnr. 78 Hola - dei saksøkte nr. 145 Olav Heimdal, nr. 146 Gunvor Torheim og nr. 147 Olav Brattheim -, gnr. 79 Berget - dei saksøkte nr. 148 Olga Karin Nilsen m.fl. ved Olga Karin Nilsen

(bnr. 1) og 149 Anker Nyberg-,

I. Rettar i og ved Løysingevatnet:
Skjønnsføresetnader:
"Alternativ a) Vatnet blir oppdemt 2,0m frå c 678,5
til c 680,5 m.
b) Vatnet blir senka 2,0 m frå c 678,5 m
til c 676,5 m."

L/L Tussa Kraft syter for gangveg over demninga.
Det vert ikkje oreigna grunn til tilkomstveg til vatnet.

Erstatning etter alternativ a) oppdeming:

1. Fisketap.
Retten kan ikkje sjå at det vert påført fisketap under dette alternativ.
2. Ulempe-erstatning for ned-demt areal, ca. 10 dekar — kr. 800,- som eingongserstatning.

Når det gjeld vurderinga av arealet som beite viser retten til det som er uttalt under tilsvarande post i takstnr. 38. Grunnen vert ikkje oreigna til eigedom.
3. Grunn til demning, 250 $m^2$ — kr. 20,- som eingongserstatning.
4. Stein til demning — kr. 100,- som eingongserstatning.
5. Bruksrett til grunn til anleggsbarakker, omlag 1 dekar ialt — kr. 10,- pr. dekar pr. år.
6. Ulemper for båtopptrekk — kr. 500,- som eingongserstatning.

Erstatning etter alternativ b) senking:

1. Fisketap — Kr. 50,- årleg.
2. Ulemper for båtopptrekk — kr. 500,- som eingongserstatning.

Der er ikkje grunnlag for tilleggserstatning etter § 16 nr. 4 i vassdragsreguleringslova.

II. Rettar i elva:

1. Fallerstatning, fallhøgd 150,06m kr. 263,- årleg.
2. Fiske-erstatning kr. 0,-.
3. Der er ikkje grunnlag for gjerde-erstatning. Elva var ikkje sjølgjerdande før.

L/L Tussa Kraft vert pålagt å deponere kr. 1.500,- som eingongserstatning og kr. 263,- som årleg erstatning med tillegg av 25%.

Takstnr. 40.

Sameige på vestsida av Stårheimselva frå Svartegrova til Tverrelva.

Med i sameiget er dei saksøkte nr. 153 Johan O. Rafshol og Gullborg Åsen (154), 152 Johanne Starheimsvik, 142 Anna Yri, Leif og Klara Øien og Anna Halvorsen (154), 143 Per Askeland, nr. 144 Kristian Slettevold, 151 Lövik Isane, 145 Olav Heimdal, 146 Gunvor Torheim, 147 Olav Brattheim, 148 Olga Karin Nilsen m.fl. ved Olga Karin Nilsen og nr. 149 Anker Nyberg.

1. Fallerstatning, fallhøgd 349,70m kr. 612,- årleg.
2. Fiske-erstatning kr. 20,- årleg.
3. Der er ikkje grunnlag for gjerde-erstatning.

Takstnr. 41.

Sameige i fiske i Stårheimselva, på austsida frå Strengmerket til sjøen og på vestsida frå Tverrelva til sjøen.

Det er usemje om fiskeretten er i sameige eller om den er delt. Dette takstnr. er oppretta for det alternativet at fiskeretten er i sameige. Når det gjeld det andre alternativet at fiskeretten er delt vil erstatninga til kvar einskilt gå fram av vedkomande sitt takstnr. i det fylgjande.

So lenge spørsmålet ikkje er avgjort må fiskeerstatninga deponerast.

Med i dette takstnr. er fylgjande saksøkte:
nr. 125 Dag Kristian Starheim, 126 Eid kommune, 127 Hans E. Starheim, 128 Sigurd Bødal, 129 Reidar Starheim, 130 Emil

Starheim, 131 Johanne og Berge Leite, 132 Olav S. Starheim, 133 Karl K. Starheim, 134 Målfrid og Ingvard Heien, 135 Johannes Starheim, 136 Petra og Arthur Bakke, 137 Svein Knutsen, 138 Asle Brattholmen ved verje Nottung Brattholmen, og Ketil Osen ved verje Olav Osen, 139 Steinar C. Starheimsæter, 140 Ole Starheimsæter, 141 Hans Piel, 142 Anna Yri, Starheim Indremisjon (ikkje saksøkt), 143 Per Askeland, 144 Kristian Slettevold, 145 Olav Heimdal, 146 Gunvor Torheim, 147 Olav Brattheim, 148 Olga Karin Nilsen m.fl. ved Olga Karin Nilsen, 149 Anker Nyberg, 150 Leif og Klara Øien, 151 Ludvik Isane, 152 Johanne Starheimsvik og 153 Johan O. Rafshol.

Erstatning kr. 1.300,- årleg.

Av erstatninga gjeld kr. 1.200,- den lakseførande delen av elva.

Når det gjeld kva som skal deponerast viser retten til det som er skrevi i dei etterfylgjande takstnr.

Takstnr. 42.

Saksøkte nr. 137 Svein Knutsen, gnr. 80, bnr. 1.

Saksøkte har 2 teigar på austsida av elva på 137m og 49m lengd.

1. Fallerstatning for 2 teigar, fallhøgd 8,90m og 4,34m kr. 23,20 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for dei to teigane kr. 5,60 årleg.
3. Saksøkte har ikkje krav på gjerdeerstatning kr. 0,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39 og 41.

Etter det retten kan sjå er det fallerstatningane som vil gi saksøkte høgst erstatning, og det er soleis dei han har krav på.

Under denne føresetnaden kan deponering etter takst nr. 41 reduserast med andelen hans, som er oppgitt til 2,12%, kr. 27,60.

Takstnr. 43.

Saksøkte nr. 149 Anker Nyberg, gnr. 79, bnr. 1.

Saksøkte er eigar av ein teig på 414m longd på vestsida, av elva.
+ AUSTSIDA

1. Fallerstatning, fallhøgd 18,67m — kr. 32,70 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for teigen — kr. 11,20 årleg.
3. Gjerde-erstatning for ei lengd på 125m, elektrisk gjerde — kr. 600,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning vil gjerdeerstatninga verte kr. 30,-.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og41.

Etter det retten kan sjå er det fallerstatningane som vil gi saksøkte høgst erstatning og som han difor har krav på. Under denne føresetnaden kan deponering etter takst 41 reduserast med hans andel, oppgitt til 3,84%, kr. 49,90.

Takstnr. 44.

Saksøkte nr. 144 Kristan Slettevold, gnr. 77, bnr. 2.
Saksøkte har 3 teigar på vestsida av elva på 75m, 86m og 78m lengd.

1. Fallerstatning for 3 teigar, fallhøgder 7,12m, 3,71m og 7,58m — kr. 32,25 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for 3 teigar — kr. 6,- årleg.
3. Retten finn at saksøkte ikkje har krav på gjerde-erstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og 41.
Saksøkte har krav på fallerstatningane avdi dei vil gi han høgst erstatning. Som fylgje av det kan deponering etter takstnr. 41 reduserast med andelen hans 3,70%, kr. 48,10.

Takstnr. 45.

Saksøkte nr. 153 John O. Rafshol, gnr. 75, bnr. 1.
Saksøkte har ein teig på vestsida av elva, lengd 223m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 18,03m — kr. 31,55 årleg.
2. Fiske-erstatning for eigen teig — kr. 5,- årleg.

3. Retten kan ikkje sjå at saksøkte har
   krav på gjerde-erstatning                kr. 0,-.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40, 41, 70 og 71.

Han har krav på fallerstatningane, som vil gi han høgst erstatning. Deponering etter takst 41 kan difor reduserast med andelen hans, 4,56%, kr. 59,25.

Takstnr. 46.

Saksøkte nr. 146 Gunvor Torheim, gnr. 78, bnr. 2.

Saksøkte har 2 teigar på vestsida av elva på 52m og 140m lengd.

1. Fallerstatning, fallhøgder 2,76m
   og 7,79m                kr. 18,50 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for 2
   teigar                kr. 5,30 årleg.
3. Saksøkte har ikkje krav på gjerde-
   erstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og 41. Det er fallerstatningane som er høgst og som ho har krav på. Deponering etter takstnr. 41 kan reduserast med hennar del, 2,38%, kr. 30,95.

Takstnr. 47.

Saksøkte nr. 147 Olav Brattheim, gnr. 78, bnr. 5.

Han har 2 teigar på vestsida av elva, lengd 77m og 256m.

1. Fallerstatning for 2 teigar,
   fallhøgd 5,78m og 12,62m                kr. 32,20 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for
   dei 2 teigane                kr. 9,- årleg.
3. Gjerdeerstatning i ei lengd på
   40m, elektrisk gjerde                kr. 400,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning vil gjerdeerstatninga verte kr. 20,-.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og 41.
Saksøkte har krav på fallerstatningane avdi dei er høgst.
Deponering etter takstnr. 41 kan reduserast med hans del, 3,70%, kr. 48,10.

Takstnr. 48.

Saksøkte nr. 145 Olav Heimdal, gnr. 78, bnr. 1.

Saksøkte har 2 teigar på vestsida av elva, lengd 45m og 36m.

1. Fallerstatning, fallhøgder 4,77m og 2,65m — kr. 13,- årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for dei 2 teigane — kr. 2,50 årleg.
3. Saksøkte har ikkje krav på gjerde-erstatning.

Olav Heimdal er med i takstnr. 39, 40 og 41. Fallerstatningane vil gi saksøkte det høgste vederlaget, og det er soleis dei som skal nyttast. Deponering etter takstnr. 41 kan reduserast med andelen hans, 2,38%, kr. 30,95.

Takstnr. 49.

Saksøkte nr. 140 Ole K. Starheimsæter, gnr. 80, bnr. 4.

Han har ein teig på austsida av elva, lengd 757m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 70,24m — kr. 123,- årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 18,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, 100m, elektrisk gjerde — kr. 500,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 25,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39, 41 og 49b. Han har krav på fallerstatningane som er høgst. Deponering etter takstnr. 41 kan reduserast med andelen hans, 4,23%, kr. 55,-.

Takstnr. 49b.

Sameige mellom saksøkte nr. 140 Ole K. Starheimsæter, gnr. 80, bnr. 4, og saksøkte nr. 139 Steinar Starheimsæter, gnr. 80, bnr. 3. 50% - 50%

Dette gjeld ein teig på austsida av elva, lengd 12m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 4,53m — kr. 7,95 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for teigen — kr. 0,40 årleg.

3. Dei saksøkte har ikkje krav på gjerde-erstatning.

Takstnr. 50.

Saksøkte nr. 152 Johanne Starheimsvik, gnr. 76, bnr. 1.

Ho har ein teig på vestsida av elva, lengd 111m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 11,66m kr. 20,40 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig kr. 2,50 årleg.
3. Saksøkte har ikkje krav på gjerde-erstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40, 41, 70 og 71.

Det er sannsynlegvis fallerstatningane som vil gi ho det høgste vederlaget og som ho soleis har krav på.

Deponering etter takstnr. 41 kan om det er rett reduserast med delen hennar, 5,29%, kr. 68,80.

Takstnr. 51.

Saksøkte nr. 142 Anna Yri, gnr. 76, bnr. 3.

Ho har 4 teigar på vestsida av elva, lengd 62m, 7m, 151m, og 128m.

1. Fallerstatning, fallhøgder:
   teig 1: 4,50m, teig 2: 0,15m,
   teig 3: 4,66m -- 1/12 av heil elv,
   jfr. teig 5 på takst 59 Emil Starheim,
   teig 4: 6,99m kr. 21,75 årleg.
2. Eventuell fiskeerstatning for eigne teigar kr. 70,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, 300m, elektrisk gjerde kr. 900,- som eingongserstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40, 41 67 og 70.

Det er uvisst om det og for ho vil vere fallerstatningane som vil gi den høgste erstatning. Dersom fallerstatningane erhøgst kan deponering etter takstnr. 41 reduserast med hennar del, 5,29%, kr. 68,80.

Takstnr. 52.

Saksøkte nr. 150 Klara og Leif Øien, gnr. 76, bnr. 8.

Dei har 2 teigar på vestsida av elva, kvar på 25m lengd.

1. Fallerstatning, fallhøgder 1,40m og 2,61m — kr. 7,- årleg.
2. Eventuell fiske-erstatningar for eigne teigar, tils. — kr. 1,30 årleg.
3. Dei har ikkje krav på gjerde-erstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og 41. Det er ikkje klart kor stor del saksøkte har i desse takstnr., men retten reknar med at det vil vere fallerstatningane som dei har krav på. I so fall kan deponering etter takstnr. 41 reduserast med deira del.

Takstnr. 53.

Saksøkte nr. 131 Ludvik Isane, gnr. 77, bnr. 4.

Han har ein teig på vestsida av elva, lengd 20 m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 0,36m — kr. 0,65 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 0,55 årleg.
3. Saksøkte har ikkje krav på gjerde-erstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og 41. Retten reknar med at det og for han vil vere fallerstatningane som er høgst og som han har krav på. Under den føresetnaden kan deponering etter takstnr. 41 reduserast med delen hans.

Takstnr. 54.

Saksøkte nr. 134 Målfrid og Ingvard Heien, gnr. 83, bnr. 2.

Dei saksøkte har 4 teigar på austsida av elva:
teig 1: 167m lengd,
teig 2: 39m lengd, SOLHEIM (MYRA)
teig 3: 47m lengd, KVERNEIGEDOM
teig 4: 112m lengd.

16.75
2.42
3.48
22.65

Teig 3 er ein kvenneigedom ved eigedomen til saksøkte nr. 131 Berge Leite. Det er semje om at kvenneigedomen har eigedomsrett til fallet.

1. Fallerstatning, fallhøgder, 16,75m, 2.42m, 3.48m, og 4,22m — kr. 47,- årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigne teigar — kr. 90,- årleg.

3. Saksøkte har ikkje krav på
   gjerde-erstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39, 41 og 71.

Dei saksøkte har krav på fallerstatningane, som vil gi dem høgst erstatning. Deponering etter takst 41 kan reduserast med deira del, 4,76%, kr. 61,90.

Takstnr. 55.

Saksøkte nr. 127 Hans R. Starheim, gnr. 83, bnr. 5.

Saksøkte har 2 teigar på austsida av elva, lengd 132m og 87m. ~~Gjerdeerstatning~~. Sikker.

1. Fallerstatning, fallhøgder 8,88m og 4,74m — kr. 23,85 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatnin g for eigne teigar — kr. 6,50 årleg.
3. Gjerde-erstatning for ei lengd på 87m, elektrisk gjerde — kr. 500,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 25,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39, 41, 66, 68 og 71.

Det er uvisst kva som vil gi saksøkte høgst erstatning når det gjeld elv, fallerstatning eller fiske- og gjerdeerstatning. Etter det retten kan sjå vil det avgjerande vere om fiskeretten i elva er i sameige eller ikkje. Saksøkte har inntil vidare krav på å få utbetalt fallerstatninga for eigne teigar kr. 23,85 årleg og sin del av fallerstatninga under takstnr. 38, oppgitt til 6,20%, kr. 18,80 årleg, og sin del av fallerstatniga til takstnr. 66, alt med 25% tillegg.

Takstnr. 56.

Saksøkte nr. 143 Per Askeland, gnr. 77, bnr. 1.

Saksøkte er eigar av 3 teigar på vestsida av elva, lengd 125m, 78m og 440m.

1. Fallerstatning, fallhøgder 8,04m, 6,17m og 27,85m ÷ 6m — kr. 73,60 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigne teigar — kr. 245,- årleg.

3. Gjerde-erstatning, lengd 200m,
   elektrisk gjerde                kr. 700,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 35,-.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og 41.

Dersom fiskeretten er delt er det på det reine at det vil vere fiske-erstatningane og gjerde- erstatninga som vil gi saksøkte høgst erstatning. Så lenge dette spørsmålet ikkje er avgjort har saksøkte krav på å få utbetalt fallerstatningane for eigne teigar, kr. 73,60 årleg og sin del av fallerstatninga til takstnr. 40, oppgitt til 10%, kr. 61,20 årleg, begge med tillegg av 25%.

Takstnr. 57.

Saksøkte nr. 135 Johannes Starheim, gnr. 83, bnr. 4.

Saksøkte har 3 teigar på austsida av elva, lengd 149m, 100m og 46m. 3. KVERNRETT.

1. Fallerstatning, fallhøgder 9,66m,
   4,22m og 3,47m                kr. 30,40 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatnig for eigne
   teigar                kr. 45,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, lengd 180m,
   elektrisk gjerde                kr. 660,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 33,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39, 41 og 71.

Dersom fiske-retten ligg i sameige, jfr. takstnr. 41, er det sannsynleg at det vil vere fiske- og gjerde-erstatningane som vil gi saksøkte høgst erstatning. Inntil det er avgjort har han krav på å få utbetalt fallerstatninga for eigne teigar, kr. 30,40 årleg, og del av fallerstatninga til takstnr. 38, oppgitt til 9,30%, kr. 73,20 årleg, begge med tillegg av 25%.

Takstnr. 58.

Saksøkte nr. 129 Reidar Starheim, gnr. 83, bnr. 9.

Saksøkte har 3 teigar på austsida av elva, lengd 73m, 222m og 120m.

1062

1. Fallerstatning, fallhøgder 4,31m, 8,88m og (4,28m) kr. 30,60 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigne teigar kr. 70,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, lengd 140m, elektrisk gjerde kr. 600,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 30,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39 og 41.

Etter det retten har fått opplyst har saksøkte ein del i takstnr. 41 på 5,29%. Dersom det er rett vil fiskeerstatninga til han verte omlag det same anten fiskeretten er i sameige eller delt.

Det er uvisst om fiske- og gjerde-erstatningane vert høgare enn fallerstatningane. Etter det retten kan sjå vil det avgjerande vere korleis rettane er når det gjeld takstnr. 39.

Saksøkte har inntil vidare krav på å få utbetalt fallerstatninga for eigne teigar og sin del av fallerstatninga når det gjeld takstnr. 38.

Takstnr. 59.

Saksøkte nr. 130 Emil Starheim, gnr. 83, bnr. 8.

Saksøkte har 5 teigar på austsida av elva, lengd 26m, 99m, 61m, 98m og 151m - jfr. takstnr. 51, teig 3 -.

1. Fallerstatning, fallhøgder:
   teig 1: 1,41m 1+2+3
   teig 2: 2,33m FCATN
   teig 3: 10,40m FOSSEN
   teig 4: 3,27m
   teig 5: 4,66m - 11/12 av heil elv, jfr. teig 3 takstnr. 51. Kr. 45,40 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigne teigar kr. 136,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, lengd 115m, elektrisk gjerde kr. 550,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 27,50.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39 og 41.

Dersom fiskeretten er delt er det på det reine at det for elv vil vere fiske- og gjerde-erstatningane som vil gi saksøkte høgst erstatning. Så lenge dette spørsmålet ikkje er avgjort har saksøkte krav på å få utbetalt fallerstatning for eigne teigar, kr. 45,40 årleg og sin del av fallerstatninga til takstnr. 38, oppgitt til 7,75%, kr. 61,- årleg, begge med tillegg av 25%.

Takstnr. 60.

Saksøkte nr. 131 Bergo Leite, gnr. 83, bnr. 7.

Saksøkte har 3 teigar på austsida av elva, lengd 74m, 35m og 242m.

1. Fallerstatning, fallhøgder 2,62m, 2.63m, og 10,25m — kr. 27,15 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigne teigar — kr. 155,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, lengd 180m, elektrisk gjerde — kr. 660,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 33,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39 og 41.

Dersom fiskeretten er delt vil fiske- og gjerde- erstatningane gi saksøkte den høgste erstatning. Så lenge det ikkje er avgjort har han for elv krav på å få utbetalt fallerstatninga for eigne teigar, kr. 27,15 årleg, og sin del av fallerstatninga til takstnr. 38, oppgitt til 4,41%, kr. 57,35 årleg, begge med tillegg av 25%.

Takstnr. 61.

Saksøkte nr. 148 Olga Karin Nilsen m.fl. ved Olga Karin Nilsen, gnr. 79, bnr. 2.

Dei saksøkte har ein teig på vestsida av elva, lengd 84m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 2,70m — kr. 4,75 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 2,10 årleg.
3. Gjerde-erstatning, 84m lengd, elektrisk gjerde — kr. 470,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 23,50.

Saksøkte er med i takstnr. 39, 40 og 41.

Det er fiske- og gjerde- erstatningane som vil gi saksøkte høgst erstatning når det gjeld elv. Dei har krav på å få utbetalt gjerdeerstatninga kr. 470,- som einggongserstatning med tillegg av 25%. Når det gjeld fiske-erstatninga må utbetaling av den utstå til det er avgjort om fiskeretten i elv er delt eller i sameige. Etter det opplyste er deira del av takstnr. 41 - 0,39% -, kr. 5,10 årleg.

Takstnr. 62.

Saksøkte nr. 125 Dag Starheim, gnr. 83, bnr. 1.

Saksøkte har 5 teigar på austsida av elva, lengd 51m, 26m, 49m, 183m og 50m. 1 > ÅREGARDEN + 2 + 3

1. Fallerstatning, fallhøgder 1,86m, 0,56m, 2,22m, 6,96m og 0,72m — kr. 21,55 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigne teigar (HEIME NAUSTET) — kr. 145,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, lengd 300m, elektrisk gjerde — kr. 900,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 45,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39 og 41. Etter det retten kan sjå vil fiske- og gjerde- erstatningane verte høgst når det gjeld elv, serleg dersom fiskeretten er delt. Så lenge det ikkje er avgjort om fiskeretten er i sameige eller om den er delt har saksøkte krav på å få utbetalt fallerstatninga for eigne teigar, kr. 21,55 årleg, og sin del av fallerstatninga til takstnr. 38, oppgitt til 8,27%, kr. 65,10 årleg, begge med tillegg av 25%.

Takstnr. 63. MYRANE

Saksøkte nr. 132 Olav Starheim, gnr. 83, bnr. 3.

Saksøkte har 3 teigar på austsida av elva, lengd 43m, 19m og 92m. 1 + 2 + 3 MYRÅ

1. Fallerstatning, fallhøgder 2,62m, 2,75m og 0,60m — kr. 10,45 årleg.

2. Eventuell fiske-erstatning for eigne teigar — kr. 50,- årleg.
3. Gjerde-erstatning, lengd 82m, elektrisk gjerde — kr. 460,- som eingongserstatning.

Omgjort til årleg erstatning kr. 23,-.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39, 41, 66 og 71.

Fiske- og gjerde- erstatningane vil gi saksøkte høgst erstatning når det gjeld elv. Inntil det er avgjort om fiskeretten i elva er i sameige eller delt har han krav på å få utbetalt fallerstatninga for eigne teigar, kr. 10,45 årleg, sin del av fallerstatning til takstnr. 38, oppgitt til 6,98%, kr. 54,95 årleg, og sin del av fallerstatninga til takstnr. 66, alt med tillegg av 25%.

Takstnr. 64.

Saksøkte nr. 133 Karl Starheim, gnr. 83, bnr. 11.

Han har ein teig på austsida av elva, lengd 131m.

I avsnittet framanfor i skjønnet om tiltakskrav går det fram at retten ikkje har tatt til fylgje saksøkte sitt krav om delvis vederlag i form av levering av elektrisk kraft.

1. Fallerstatning, fallhøgd 9,87m — kr. 17,30 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 4,10 årleg.
3. Saksøkte har ikkje krav på gjerde-erstatning.

Saksøkte er med i takstnr. 38, 39 og 41.

Retten reknar med at det er fallerstatningane som vil gi saksøkte høgst erstatning når det gjeld elv. Ved deponering etter takstnr. 41 kan saksøkjaren difor trekkje frå saksøkte sin del.

Retten har ikkje fått oppgitt saksøkte sin del av takstnr. 38 og 41.

Takstnr. 65.

Saksøkte nr. 156 Starheim Vassforsyningslag.

Retten har pålagt I/L Tussa Kraft tiltak med omsyn til

minstevassføring i elva. På dette grunnlag har saksøkte ikkje krav på erstatning.

Takstnr. 66.

Fellesteig til saksøkte nr. 132 Olav Starheim, gnr. 83, bnr. 3, og saksøkte nr. 127 Hans R. Starheim, gnr. 83, bnr. 5. 50% - 50%

Dette gjeld ein teig på austsida av elva, lengd 92m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 6,87m — kr. 12,- årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 2,40 årleg.
3. Gjerde-erstatning er tilkjent saksøkte nr. 125 Dag Starheim og er inkludert i gjerde-erstatninga til takstnr. 62, post 3.

Takstnr. 67. UTGÅR

Saksøkte nr. 142 Anna Yri, gnr. 76, bnr. 3, og Starheim Indremisjon som ikkje er saksøkt.

Dette gjeld ei tomt på vestsida av elva ved eigedomen til Bent Yri, lengd 26m langs elva.

Det er ikkje klart korleis det er med rettane til elva. Det er hevda at Anna Yri eig elva.

1. Fallerstatning, fallhøgd 1,95m — kr. 3,40 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 20,- årleg.
3. Der er ikkje grunnlag for gjerde-erstatning.

For dette takstnr. er fiske-erstatninga høgst om fiske-retten er delt. Det er ikkje naudsynt med deponering avdi den fastsette deponering for takstnr. 41 dekker eventuell fiske-erstatning for elvelengd som teigen er inkludert i.

Den erstatning som takstnr. 67 skal ha kan ikkje utbetalast før det er klart kven av partane som har rettane i denne delen av elva.

Takstnr. 68.

Saksøkte nr. 126 Eid kommune, gnr. 83, bnr. 10, og saksøkte nr. 127 Hans R. Starheim, gnr. 83, bnr. 5.

Dette gjeld ein teig på austsida av elva, lengd 102 m.

Det er usemje mellom partane om rettane i elva.

1. Fallerstatning, fallhøgd 3,14m — kr. 5,50 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 50,- årleg.

Der er ikkje krav om gjerde-erstatning, og det er heller ikkje grunnlag for det. For dette takstnr. er fiskeerstatninga høgst om fiskeretten er delt. Det er ikkje naudsynt med deponering avdi den fastsette deponering for takstnr. 41 dekker eventuell fiskeerstatning for elvelengd som teigen er del av.

Den erstatning som takstnr. 68 skal ha kan ikkje utbetalast før det er klart kven av partane som har krav på den.

Takstnr. 69.

Saksøkte nr. 141 Hans Piel, gnr. 76, bnr. 24.

Saksøkte har ein teig på vestsida av elva i ei lengd på 80m.

1. Fallerstatning, fallhøgd 1,45m — kr. 2,55 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for eigen teig — kr. 42,- årleg.

Saksøkte er tatt med under takstnr. 41. Det er ikkje klart om fiskeretten er i sameige og om saksøkte har del i sameiget eller om fiskeretten er delt. Så lenge det ikkje er avgjort har saksøkte ikkje krav på å få utbetalt fiske-erstatning. Det er ikkje protestert mot at han har fallretten. Retten reknar med at fallerstatninga er lågare enn eventuell fiske-erstatning. Saksøkte har inntil vidare krav på å få utbetalt fallerstatninga.

Det er ikkje naudsynt med deponering av fiske-erstatning, jfr. det som er skrevi om deponering under takstnr. 68.

Takstnr. 70.

Dei saksøkte nr. 152 Johanne Starheimsvik, gnr. 76, bnr. 1, saksøkte nr. 153 John Rafshol, gnr. 75, bnr. 1, og saksøkte nr. 142 Anna Yri, gnr. 76, bnr. 3.

Dei saksøkte har ein felles teig på vestsida av elva, lengd 190m. Rettane er delt med 1/3 på kvar.

1. Samla fallerstatning for teigen, fallhøgd 7,27m — kr. 12,75 årleg.
2. Eventuell fiske-erstatning for teigen — kr. 100,- årleg.

Saksøkte 152 Johanne Starheimsvik er med i takstnr. 50, 39, 40 og 41.

Saksøkte 153 John Rafshol er med i takstnr. 45, 39, 40 og 41.

Saksøkte 142 Anna Yri er med i takstnr. 51, 39, 40, 41 og 67.

Takstnr. 71.

Dei saksøkte nr. 134 Målfrid og Ingvard Heien, gnr. 83, bnr. 2, saksøkte nr. 127 Hans R. Starheim, gnr. 83, bnr. 5, saksøkte 132 Olav S. Starheim, gnr. 83, bnr. 3, saksøkte 135 Johannes Starheim, gnr. 83, bnr. 4, saksøkte 139 Steinar Starheimsæter, gnr. 80, bnr. 3, saksøkte 155 Klara og Gunnvald Hafsås, gnr. 81, bnr. 2, saksøkte 155 Oddbjørg Årdal Tunheim, gnr. 81, bnr. 1 og 3, saksøkte 136 Petra og Arthur Bakke, gnr. 83, bnr. 6, saksøkte 152 Johanne Starheimsvik, gnr. 76, bnr. 1, og saksøkte 153 John O. Rafshol, gnr. 75, bnr. 1.

Desse saksøkte har ved advokat Bjarte Eikeset sett fram slikt krev:
"Erstatning for tap av vatn til jordbruksdrift for det jordbruksareal som ikkje grenser til Starheimselva."

Grunnlaget for kravet er at dei saksøkte kan nytte Starheimselva som kjelde for vatning av det nemnde areal, og at dei vil verte påført tap ved at inngrepet reduserar vassføringa i elva.

Med det tiltak som retten har pålagt D/L Tussa Kraft når det gjeld minstevassføring, finn retten at der ikkje er grunnlag for erstatning.

Det går fram av takstane at retten har fastsett fall- og fiskeerstatningane i elv som årleg også i dei høve der dei er under kr. 50,-. Årsaka til det er at fiske-erstatningane er mellombels, og når det gjeld fallerstatningane i Starheimsavsnittet kan det verte aktuelt å justere dei dersom [illegible]

om minstevassføring vert endra. Dessutan kjem det til at mange av dei saksøkte har del i fleire takstnummer, slik at det for desse vert aktuelt å legge saman erstatningane. Gjerde-erstatningane er fastsette som eingongserstatningar.

---

Sakskostnader:
L/L Tussa Kraft vert pålagt å betale dei lovfastsette skjønnsutgiftene, jfr. § 20 punkt 2 i vassdragsreguleringslova og § 42 i skjønnslova.

Kraftselskapet vert og pålagt å erstatte dei saksøkte naudsynte utlegg til juridisk og teknisk hjelp.

Advokat Ingolf Skaare, Oslo, har møtt som prosessfullmektig for 45 saksøkte. Han har levert retten arbeidsoppgåve der det går fram at han har hatt førehandssynfaring 5. juli 1976 og at han ialt har hatt 3 reiser frå Oslo og attende. Medrekna kontorfråvær har han hatt "112-115" timar utanom dei dagane som han møtte i retten. Han møtte i retten i 6 dagar, 9., 10. og 11. august og 13., 14. og 15. september 1976. Advokaten har rekna seg eit salær på kr. 28.000.- og i tillegg til det kjem reise- og opphaldsutlegg med kr. 2.910,- og telefon- og portoutlegg med kr. 520,-. Det samla kravet hans er kr. 31.430,-.

Retten fastsett sakskostnadene til partane hans til kr. 30.000,- medrekna utlegg og pårekneleg etterarbeid.

Advokat Bjarte Eikeset, Førde, har representert 17 partar og i tillegg til dei nokre partar i grunneigarfelleskap.

Han har levert retten arbeidsoppgåve med timeliste. Etter oppgåva har han hatt 41½ timars førebuande arbeid. Han har møtt i retten i 37 timar fordelt på 5 rettsdagar og han har hatt 38 timar i reisefråvær. Advokaten har rekna med 5 timars etterarbeid. Det samla arbeidet er oppgitt til 121½ timar. Han har rekna seg eit salær på kr. 24.300,-. I utlegg har han hatt kr. 3.077,60 til reiser, overnatting og diet, og kr. 330,- til telefon, porto og kopiering. Det samla kravet hans er kr. 27.707,60.

Retten fastsett dei sakskostandene som partane til advokat Eikeset har krav på å få dekt når det gjeld juridisk hjelp til kr. 27.000,-.

I tillegg til dette har partane til advokat Eikeset hatt utlegg til teknisk hjelp. Dei møtte i retten med sivilingeniør Erik Røstad, Oslo, som sakkunnig. Han la fram for retten hydroteknisk utgreiing dagsett 25.8.1976 om "Stårheimsvassdraget. Overføring Løysingevatna til Åmela Kraftverk." og han møtte i retten 13. og 14. september 1976. Sivilingeniøren har lagt fram rekning som viser at det for han er gått med 56 timar. Han har rekna seg ei godtgjerdsle på kr. 9.240,- og i tillegg har han hatt kr. 1.498,50 i kontor- og reiseutlegg. Kravet hans er samla på kr. 10.738,50.

Partane til advokat Eikeset har betalt rekninga og har til det føremålet tatt opp eit banklån. Renter fram til 21. mai 1977 utgjer kr. 560,-, slik at utlegget som dei har hatt når det gjeld teknisk hjelp er kr. 11.298,50.

Retten finn at det var naudsynt for partane til advokat Eikeset å nytte slik teknisk hjelp som sivilingeniør Røstad har gitt. Den legg rekninga med renteutlegg til grunn og pålegg L/L Tussa Kraft å erstatte partane til advokat Eikeset kr. 11.298,50 for utlegg til teknisk hjelp.

Advokat Eikeset har dessutan kravt dekt utlegg som partane hans har hatt til to tillitsmenn som har vore nytta som sokalla kontaktmenn. Dei som har vore nytta er Karl Starheim og Roald Starheim. Det er lagt fram oppgåver frå desse som viser at Karl Starheim har hatt telefon, porto og kostutlegg på kr. 148,30. Dessutan har han rekna seg møtegjerdsle på kr. 300,-, for møte i 6 dagar. Samla er rekninga hans på kr. 448,30.

Rekninga frå Roald Starheim viser at han har hatt kr. 1.066,- i reise- kost- og telefonutlegg. Han har og rekna seg møtegodtgjerdsle på kr. 300,- for møte i 6 dagar. Rekninga hans er på kr. 1.366,-. Retten finn at tilhøva var slik at det var praktisk for advokat Eikeset og partane hans å nytte kontaktmenn. Det er grunn til å rekne med at ein ved det har spart bruk av tid for advokaten. Retten finn å kunne godkjenne rekningane og pålegg L/L Tussa Kraft å erstatte partane til advokat Eikeset utgiftene på kr. 448,30 til Karl Starheim og kr. 1.366,- til Roald Starheim.

Advokat Odd Sefland, Nordfjordeid, har møtt som prosessfullmektig for Stårheim Vassforsyningslag. Han har lagt fram arbeidsoppgåve. Den viser at han har hatt 13 timar, førebuande arbeid. Han møtte i retten 9. og 12. august og 13., 14. og 15. september 1976. Han har oppgitt at det samla er gått med 47 timar. Salærkravet hans er kr. 9.400,-. I tillegg har han oppgitt kr. 545,- i utlegg til reiser, porto- og telefon. Etter det retten kan sjå har han ikkje tatt med kostutlegg. Det samla kravet hans er kr. 9.945,-.

Advokaten har berre møtt for ein part. Det er ikkje lagt ned påstand frå saksøkjaren om at Stårheim Vassforsyningslag burde ha møtt med same advokat som dei andre saksøkte i Stårheimsavsnittet. Retten ser det slik at Vassforsyningslaget har interesser som til dels kan kome i strid med dei andre saksøkte sine krav om å nytte vatnet i elva til andre føremål enn til drikkevatn. Det var soleis rimeleg at laget fann å burde nytte eigen advokat. Etter dette vert I/L Tussa Kraft pålagt å erstatte Stårheim Vassforsyningslag utlegg til eigen advokat. Sakskostnadene som Kraftlaget skal dekke vert sett til kr. 9.000,-.

Advokat E. Aarseth, Volda, har møtt som prosessfullmektig for saksøkte nr. 74, 124, 124b, 124c og 124d. Han har lagt fram arbeidsoppgåve der han ialt har oppgitt 84 timars arbeid inkludert berekna etterarbeid. Han møtte i retten 9. og 11. august, 13., 14. og 15. september 1976, ialt i 5 dagar. I skriv 8.11.1976 har advokaten opplyst at han møtte i retten i 6 dagar. At han har oppgitt ein dag meir må ha si årsak i at han på slutten av synfaringa til retten den 10. august var møtt fram. Retten var då ikkje kome so langt at det kunne verte synfaring den dagen på eigedomane til partane hans. Advokaten har oppgitt bil- og ferjeutgifter til kr. 1.200,-, hotell- og kostutlegg til kr. 300,- og telefon- porto- og fotokopieringsutlegg til kr. 150,-. Det samla kravet hans er på kr. 16.450,-. Ved skriv 29.9.1976 har h.r.advokat E. Brautaset protestert mot oppgåva. Han har der m.a. uttalt fylgjande: "Eg vil for I/L Tussa Kraft hevde at adv. Aarseth sine partar hadde eit svært spinkelt grunnlag for å møte med eigen advokat. Adv. Aarseth si oppgåve står i eit urimeleg forhold til dei spørsmål det

galdt. Saksøkjaren kan berre belastast med ein mindre del av dette."

Ved det før nemnde skriv av 8.11.1976 har advokat Aarseth fastheldt sitt krav og har der hevda at partane hans ikkje hadde "eit svært spinkelt grunnlag for å møte med egen advokat." Dei oppnådde under skjønnsførehavingane resultat som dei ikkje ville ha gjort utan egen advokat. L/L Tussa Kraft godtok under førehavingane tiltakskrav som selskapet opphaveleg motsette seg. Retten forstår L/L Tussa Kraft slik at det ikkje motsetter seg å dekke kostnader for partane til advokat Aarseth til eigen advokat, men at det finn kravet for høgt.

Kraftselskapet protesterte ikkje under skjønnsførehavingane i august og september 1976 mot påstanden frå dei saksøkte om dekning av utlegg til eigen advokat.

Etter dette avgrensar retten si vurdering til spørsmålet om kravet på sakskostander er høgare enn naudsynt.

Advokat Aarseth var med i rettsmøter ialt i 28 timar og i tillegg til det var han med i retten si synfaring 11. august 1976 i omlag 5 timar, ialt i 33 timar. Resten av den oppgitte tid, 51 timar, er då førebuande arbeid, reisefråver og etterarbeid. Han møtte for få partar og ivaretok interesser som var relativt ukompliserte. I skjønn som dette vil det for advokat med slikt engasjement verte ein ikkje liten del av medgått tid som langt på veg er sokalla "ventetid." Retten fastsett sakskostnadene til dei partar som har møtt med advokat E. Aarseth som prosessfullmektig til <u>kr. 12.000,-.</u>

Ved fastsetting av sakskostnadene har retten vurdert oppdraget til kvar einskilt prosessfullmektig.

Den har sett på storleiken og arten av dei interesser som vedkomande prosessfullmektig har representert og den tid som det er rimeleg å rekne med var naudsynt for forsvarleg utføring av oppdraget.

Skjønnsslutning:

1. Skjønnet vert fremja.
2. Det vert fastsett slike erstatningar med tillegg og pålegg om tiltak som nemnde framanfor i skjønnet.
3. L/L Tussa Kraft betalar dei lovfastsette skjønnsutgiftene, jfr. § 42 i skjønnslova.
4. L/L Tussa Kraft betalar innan 14. - fjorten - dagar frå forkynnelsen av skjønnet fylgjande sakskostender til:
   a) partane til advokat Ingolf Skaare, Oslo, kr. 30.000,- kroner trettitusen 00/100 - ved advokaten.
   b) Partane til advokat Bjarte Eikeset, Førde, ved advokaten kr. 27.000,- kroner tjuvesjuvtusen 00/100 til juridisk hjelp, kr. 11.298,50 - kroner ellevetusentohufidreognittiåtte 50/100 - til teknisk hjelp og kr. 1.814,30 (kr. 448,30 + kr. 1.366,-) - kroner eittusenåttehundreogfjorten 30/100 - til dekning av andre oppgitte utlegg.
   c) parten til advokat Odd Sefland, Nordfjordeid, ved advokaten kr. 9.000,- kronerniitusen 00/100 -.
   d) partane til advokat E. Aarseth, Volda, ved advokaten kr. 12.000,- kroner tolvtusen 00/100 -.

Rettemøtet slutt.

Einar Raae.
sign.

Anders Lothe.
sign.

Åge Skåtun.
sign.

Nils Helseth.
sign.

Ivar Sægrov.
sign.

Rett avskrift.

Solveig Lied.

Solveig Lied.

ADVOKAT
BJARTE EIKESET

ADVOKAT
ALF BRULAND

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Telefoner:
Kontor: (057) 21 388 – 21 390
Bolig: Bjarte Eikeset (057) 21 737
Alf Bruland (057) 22 115

Bankforbindelse:
Sunnfjord Sparebank
Bankgiro nr. 3700.05.10948
Postgiro 381 07 77

6801 FØRDE.
Postboks 265

14. mars 1977.

Til mine parter,

Sak nr. 23/1973 B for Søre Sunnmøre herredsrett.
L/L Tussa Kraft - Kristian Starheim m.fl.

---

Vedlagt følger rettsbok for Søre Sunnmøre herredsrett vedr. ovennevnte skjønn.

Som kjent var det vårt krav om en viss minstevassføring i Starheimselva som var av størst interesse. Dette er behandlet i skjønnsutskriften s. 33-44.
L/L Tussa Kraft er pålagt å sikre en minstevassføring i tiden 1. mai - 15. september på 75 s/l og i tiden 16. september - 30. april på 30 s/l.
Hertil kommer at en 7 år etter at reguleringen har tatt til har rett til å få prøvet spørsmålet om ytterligere minstevassføring for å sikre elva som resipient, jfr. skjønnsutskriften s. 43-44.

Jeg syns en kan være meget fornøyd med dette - iallfall når utgangspunktet var at regulanten overhodet ikke ville sikre noen minstevassføring. Det er forøvrig sagt mye positivt i skjønnspremissene om behovet for en minstevassføring.

Det tiltak Tussa Kraft er pålagt for å sikre minstevassføringen er plassering av ventil i dam i Løysingevatnet slik at det blir et magasin på 180.000 $m^3$ som bare kan tappes mot Stårheim, eller sørge for et tilsvarende magasin på 180.000 $m^3$ i Furekleiv-vatnet. Riktignok er bestemmelsen om tiltaket midlertidig fordi et skjønn om elva som resipient 7 år etter reguleringen bør stå fritt m.h.t.

evt. tiltak. Jeg viser til skjønnsutskriften s. 44. Imidlertid er det klart at minstevassføringen for henholdsvis 75 s/l og 30 s/l er endelig fastslått som minimumskrav.

Skjønnsresultatet ligger nær opp til vår subsidiære påstand. Mine parter har fått dekket alle sine utgifter til juridisk og teknisk bistand.

Jeg ber om at den enkelte studerer utskriften, særlig m.h.t. de spesifiserte erstatninger for fall, fiske og gjerde s. 69-88. Dersom det foreligger direkte <u>feil</u> i skjønnet, ber jeg om underretning om dette, idet slike feil i stor utstrekning vil kunne rettes.

<u>Vedlegg</u>.

Med hilsen

Bjarte Eikeset